

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 18. AUGUST 2010

Framlegg til sakliste:

1. Godkjenning av innkalling, referat og sakliste
2. Meldingar
3. Nynorsk 2011 – noko me bør følgja opp?
4. Møte med fagråd 3
5. Normering – lydverket
 - Fleire spørsmål om vokalisme
 - Diftong eller monoftong?
 - Konsonantisme
6. Normering – formverk
 - Bøying av substantiv
 - Bøying av adjektiv
 - Bøying av adverb
 - Bøying av pronomen
7. Ymse

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førebels innkalling og sakliste vart sende ut 4. august. Innkalling og fyrste del av sakspapira vart sende ut til nemnda 11. august. Det kjem fleire sakspapir 12. eller 13. august, men truleg rekk ikkje nemnda å behandla meir enn det som går ut i fyrste sending.

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagt ut på nettsida vår.

Framlegg til sakliste står på framsida.

2 MELDINGAR

Grete og Aud har lagt opp ein omfattande møteplan i slutten av august og byrjinga av september, jf. nedanfor.

Meldingar frå andre i nemnda tek me òg under dette punktet.

Dag	Tid	Institusjon	Kontaktperson	Telefon	Status
17.8.	11.30–13.30	Utdanningsforbundet	Torbjørn Ryssevik torbjorn.ryssevik@utdanningsforbundet.no Hausmanns g. 17, Oslo	24 14 22 016 91 36 21 96	ok
	14.00–16.00	Erik Bolstad	Erik Bolstad post@erikbolstad.no Språkrådet, Observatoriegata		ok
19.8.	9.00–11.00	Bibelselskapet	Turid Barth Pettersen tbp@bibel.no Bernhard Getz' g. 3, Oslo	22 93 27 20	ok
	12.00–14.00	Jan Terje Faarlund	Jan Terje Faarlund j.t.faarlund@iln.uio.no Språkrådet, Observatoriegata	478 28 001	ok
26.8.	9.00–11.00	Høgskulen i SoFj	Per Arvid Ølmheim perao@hisf.no Høgskulen i Sogndal	57 67 60 00	ok
	13.00–15.00	Nynorsk mediesenter	Wenche Eikum wenche.eikum@nrk.no	971 64 907	ok
	15.00–17.00	Hafstad vidaregåande skule	Inge Bungum buin@tele2.no Hafstadvegen 49	57 72 13 04 57 72 13 31	ok
27.8.	9.00–11.00	Høgskulen i Volda	Jørgen Amdam ja@hivolda.no	70 07 5020	ok
	11.00–13.00	Ivar Aasen-instituttet	Stephen Walton Stephen.Walton@hivolda.no	70 07 50 43	Bortreist
	13.00–15.00	Nynorsksenteret	Anne Steinsvik Nordal anneno@hivolda.no Høgskulen i Volda	70 07 51 97	ok
9.9.	9.00–11.00	Universitetet i Bergen	Ingar Myking Ingar.Myking@rektor.uib.no UiB	55 58 20 25	Får svar i august
	12.00–14.00	BT	Jan Harald Landro jan.harald.landro@bt.no	55 21 46 97	ok
10.9.	9.00–11.00	Språkkonsulentene	Hilde Flått post@sprakkonsulentene.no hilde.flatt@sprakkonsulentene.no	476 03 090	ok

3 NYNORSK 2011 – NOKO ME BØR FØLGJA OPP?

Alle les venteleg det som kjem inn på e-posten og på Nynorsk 2011, og merkar dykk synspunkta. Me kan ikkje gjera alle til lags, men i innspela kjem det fram gode argument som kan vera nyttige når me skal gjera vurderingane våre.

Er det noko spesielt de vil peika på, som me bør leggja vekt på framover?

4 MØTE MED FAGRÅD 3

Fagråd 3 har invitert representantar for nemnda til motet sitt 23. august. Planen er at Grete Riise, Unn Røyneland og Aud Søyland møter.

Dersom nemnda har framlegg til saker me bør drøfta med fagrådet, er det fint å få dei innspela her.

5 NORMERING – LYDVERKET

FLEIRE SPØRSMÅL OM VOKALISME

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa (ev. har lese tidlegare):

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 243–245 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 111–114, s. 129–130 og s. 146–156 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

Sidan sist møte har eg leitt opp ord som har valfrie former i nynorsk. Håvard Hjulstad hadde laga eit notat over valfrie former, basert på 1962-utgåva av Helleviks ordliste og seinare utgåver. Eg har òg gått gjennom Helleviks ordliste og leitt opp alle former med valfridom i oppslagsordet.

Dei fleste orda me har vurdert tidlegare, var behandla i *Nynorskrettskrivinga*, og storparten av dei hadde valfridom i form av ei hovudform og ei klammeform. Fleirtalet av orda de no får til vurdering, har to jamstelte hovudformer.

Eg har kategorisert orda på same måte som tidlegare – etter vokalveksling, veksling mellom vokal og diftong, eller mellom enkel/dobbel konsonant. Ei mengd ord med to jamstelte former har andre kjenneteikn, t.d. er det mange ord som har ein valfri -e til slutt i ordet.

Vidare har eg skilt ut nokre prefiks og suffiks som går att i mange ord, og som inneheld valfridom.

Denne gongen har eg ikkje søkt i Nynorskorpuset (Dnt) ved kvart enkelt ord, fordi det ville bli eit for omfattande arbeid. Eg vurderer det dessutan slik at ein vann lite med å fjerna valfridommen i mange av desse orda. Dei som har valfritt -e til slutt, kan gjerne behalda den e-en utan at det gjer noko for oppføringa i ordlista eller for den som skal lesa nynorsk (døme: *ein kagg* el. *ein kagge*). Men eg har brukt skjøn og gjort framlegg om at ein tek ut former som verkar lite brukte (t.d. *ein holm* vsa. *ein holme*).

Ein del ord har to former som er nokså like kvarandre, men ein må likevel oppfatta dei som to ord med same eller nesten same tyding (døme: *tommelfinger* el. *tumarsfinger* m., *vekst* el. *vokster*). Det er ein rikdom for språket å ha slike synonym. Samtidig kan det vera vanskeleg å vita kvar grensa går mellom synonym og ordvariantar. Skal ein til dømes sjå på *ansa* el. *ensa*, *lamma* el. *lemma*, *augna* el. *øygna* som synonym el. ordvariantar? For den vanlege språkbrukaren er det truleg ein fordel om me ser på desse tvilstilfella som synonym, og fører dei opp som ulike oppslagsord. I dei tradisjonelle ordlistene har ein av plassomsyn ført opp mange ord som jamstelte former, når dei heller burde ha stått som eigne oppslag.

Ein premiss for den nye rettskrivinga er at nynorskbrukarar flest ikkje skal måtta bruka mykje tid på å læra seg den nye norma. Generelt vil eg derfor rå til at me held på valfrie former som synest å vera ein god del i bruk.

Ein annan premiss er at nynorsken skal normerast på eigen grunn. I nokre tilfelle har eg likevel gløtta til bokmålet. Det gjeld ord med framandt opphav (*rhinskvin* t.d.), og plantenamn der det synest rimeleg å ha ei sams form (t.d. *då*).

Drøfting av ord som har kome til etter sist møte, og som har valfrie former

Vekslande vokal i stammen

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
a – e			
<i>ansa</i> el. <i>ensa</i> v.		<i>ansa</i> el. <i>ensa</i> v.	Orda er førte opp som to separate ord i Hellevik og NOB.
<i>arva</i> el. <i>erva</i> v.	<i>erva</i> v.	<i>arva</i> v.	<i>Ulike tydingar?</i>
<i>hedmarking</i> el. <i>hedmerking</i> m.	<i>hedmerking</i>	<i>hedmarking</i> m.	
<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v.		<i>lamma</i> el. <i>lemma</i> v.	
<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.		<i>spanande</i> el. <i>spennande</i> adj.	Svært mange tilslag på båe formene.
<i>svarm</i> el. <i>sverm</i> m.	<i>svarm</i>	<i>sverm</i> m.	<i>Sverm</i> er klart meir brukt enn <i>svarm</i> .
a – o			
<i>lange</i> el. <i>longe</i> m. (fisk)	<i>longe</i>	<i>lange</i> m.	Ingen døme i Dnt.
<i>tall</i> el. <i>toll</i> f. (furu)	<i>tall</i>	<i>toll</i> f.	Berre to døme på <i>toll</i> .
<i>vake</i> el. <i>vøke</i> f.	<i>vøke</i>	<i>vake</i> f.	24 døme på <i>vake</i> , 2 på <i>vøk/vøke</i> .
a – å			
<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.		<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.	Båe former får svært mange tilslag i Dnt.
<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.		<i>forklara</i> el. <i>forklåra</i> v.	<i>Forklara</i> er brukt svært mykje meir enn <i>forklåra</i> .
<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.		<i>klar</i> el. <i>klår</i> adj.	Stort tilslag for båe.
<i>kvae</i> el. <i>kvåe</i> f.	<i>kvåe</i>	<i>kvae</i> f.	11 døme på <i>kvåe</i> (dei fleste frå Berg), 30 på <i>kvae</i> .
<i>lagasild</i> el. <i>lågåsild</i> f.	<i>lågåsild</i> f.	<i>lagasild</i> f.	Av norr. <i>logr</i> , gen. <i>lagar</i> .
<i>man</i> [mån] f.	[mån]	<i>man</i> f.	
<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.		<i>skap</i> el. <i>skåp</i> n.	Begge er godt repr. i Dnt, litt meir av <i>skåp</i> .
<i>trava</i> el. <i>tråva</i> v.	<i>tråva</i>	<i>trava</i> v.	Dobbelt så mykje <i>trava</i> som <i>tråva</i> .
e – i			
<i>billeg</i> el. <i>billig</i> adj.		<i>billeg</i> el. <i>billig</i> adj.	
<i>ekorn</i> el. <i>ikorn</i> n.		<i>ekorn</i> el. <i>ikorn</i> n.	

<i>leppe</i> el. <i>lippe</i> f.		<i>leppe</i> el. <i>lippe</i> f.	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> m. (dask; bukse-)		<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> m. (dask; bukse-)	
<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> adv. (s. full)		<i>smekk</i> el. <i>smikk</i> adv. (s. full)	
<i>smekka</i> el. <i>smikka</i> v.		<i>smekka</i> el. <i>smikka</i> v.	
e – æ			
<i>brekta</i> [<i>brækta</i>] v.	[<i>brækta</i>]	<i>brekta</i> v.	Jf. <i>breka</i> el. <i>brekja</i> .
<i>esj</i> el. <i>æsj</i> interj.	<i>esj</i>	<i>æsj</i> interj.	Bm. har berre <i>æsj</i> .
<i>krela</i> el. <i>kræla</i> v.		<i>krela</i> el. <i>kræla</i> v.	
<i>esing</i> [<i>æsing</i>] f. el. m.	[<i>æsing</i>]	<i>esing</i> f. el. m.	Berre få døme på <i>æsing</i> , mange på <i>esing</i> .
i – y			
<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.		<i>drikk</i> el. <i>drykk</i> m.	
o – u			
<i>bol</i> el. <i>bul</i> m. (kropp på genser)	<i>bul</i>	<i>bol</i> m. (kropp på klesplagg)	
<i>bolung</i> el. <i>bulung</i> m. (bol)	<i>bulung</i>	<i>bolung</i> m. (bol)	
<i>gjorda</i> el. <i>gjurda</i> v.	<i>gjurda</i>	<i>gjorda</i> v.	
<i>gote</i> el. <i>gutuf</i> .	<i>gote</i>	<i>gutuf</i> .	
<i>knopp</i> el. <i>knupp</i> m.		<i>knopp</i> el. <i>knupp</i> m.	
<i>koppul</i> el. <i>kuppul</i> m. (liten stein)		<i>koppul</i> el. <i>kuppul</i> m.	Eitt treff på <i>kuppul</i> .
<i>sog</i> el. <i>sug</i> n.		<i>sog</i> el. <i>sug</i> n.	
<i>stoll</i> el. <i>stull</i> m. (gruvegang)	<i>stull</i>	<i>stoll</i> m.	
<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.		<i>stove</i> el. <i>stue</i> f.	
o – ø			
<i>blodga</i> el. <i>bløgga</i> v.		<i>blodga</i> el. <i>bløgga</i> v.	Eitt treff på <i>bløgga</i> .
<i>dorg</i> el. <i>dørg</i> adv. (d. stille)	<i>dorg</i>	<i>dørg</i> adv.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> n. (gjørme; innvolar)		<i>gor</i> el. <i>gørr</i> n.	
<i>gor</i> el. <i>gørr</i> adj.	<i>gor</i>	<i>gørr</i> adj.	
<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.		<i>hovding</i> el. <i>høvding</i> m.	
<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.		<i>hovudsmann</i> el. <i>høvedsmann</i> m.	
<i>kodd</i> el. <i>kødd</i> m. (testikkel; pung)		<i>kodd</i> el. <i>kødd</i> m.	
<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)		<i>røde</i> el. <i>røde</i> m. (morgon-)	
<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)		<i>rosta</i> el. <i>røsta</i> v. (gløda malm)	Bm. har begge.
<i>snør</i> n. el. <i>snørr</i> f. el. n.	<i>snør</i> n.	<i>snørr</i> f. el. n.	
<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)		<i>søl</i> el. <i>søl</i> n. (tareslag)	
<i>sorgmodig</i> el. <i>sørgmodig</i> adj.	<i>sorgmodig</i>	<i>sørgmodig</i> adj.	

<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.		<i>storkna</i> el. <i>størkna</i> v.	
<i>strok</i> el. <i>strøk</i> n.		<i>strok</i> el. <i>strøk</i> n.	Ikkje heilt synonyme.
<i>torste</i> el. <i>tørst</i> el. <i>tørste</i> m.	<i>tørst</i>	<i>torste</i> el. <i>tørste</i> m.	
u – y			
<i>dukkar</i> el. <i>dykkar</i> m.		<i>dukkar</i> el. <i>dykkar</i> m.	Ulike nyansar i tydingane, bør førast opp kvar for seg.
<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.		<i>krubbe</i> el. <i>krybbe</i> f.	Om lag like mange døme på <i>krubbe</i> og <i>krybbe</i> .
<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.		<i>lukke</i> el. <i>lykke</i> f.	
<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.		<i>skuld</i> el. <i>skyld</i> f.	
<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.		<i>skulda</i> el. <i>skylda</i> v.	
<i>skutel</i> el. <i>skyttel</i> m.	<i>skutel</i>	<i>skyttel</i> m.	<i>Skyttel</i> klart meir brukt, m.a. pga. <i>skytteltrafikk</i> .
<i>sturt</i> el. <i>styrt</i> m.	<i>sturt</i>	<i>styrt</i> m.	
<i>uruggeleg</i> el. <i>uryggeleg</i> adj.		<i>uruggeleg</i> el. <i>uryggeleg</i> adj.	
u – ø			
<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.		<i>brunn</i> el. <i>brønn</i> m.	Om lag like mange døme på begge.
y – ju			
<i>ljuga</i> el. <i>lyga</i> v.	<i>ljuga</i>	<i>lyga</i> v.	Fem gonger så mange døme på <i>lyga</i> som på <i>ljuga</i> .
<i>sjuke</i> el. <i>sykje</i> f.		<i>sjuke</i> el. <i>sykje</i> f.	
<i>spyd</i> el. <i>spjut</i> n.	<i>spjut</i>	<i>spyd</i> n.	10 døme på <i>spjut</i> , mange på <i>spyd</i> .
æ – ø			
<i>fjæra</i> el. <i>fjøra</i> v.		<i>fjæra</i> el. <i>fjøra</i> v.	
<i>fjære</i> el. <i>fjøre</i> f.		<i>fjære</i> el. <i>fjøre</i> f.	
æ – å			
<i>forrædar</i> el. <i>forrådar</i> s.	<i>forrådar</i>	<i>forrædar</i> s.	40 døme på <i>forrædar</i> , ingen på <i>forrådar</i> .
<i>pæl</i> el. <i>påle</i> m.		<i>pæl</i> el. <i>påle</i> m.	<i>Pæl</i> kom inn i nynorsk på 80-talet pga. <i>milepæl</i> .
ø – jo			
<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj. (rask, snøgg)		<i>fljot</i> el. <i>fløt</i> adj.	Nokre døme på <i>fljot</i> , ingen på <i>fløt</i> .
ø – y			
<i>sølje</i> [sylv] f.		<i>sølje</i> el. <i>sylv</i> f.	Dei to orda nedanfor var oppe 16.3. Er ikkje tekne opp att seinare.
<i>sølv</i> [sylv] n.		<i>sølv</i> el. <i>sylv</i> n.	

Diftong/monoftong:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
au – o			
<i>au</i> el. <i>òg</i> el. <i>også</i>		<i>au</i> el. <i>òg</i> el. <i>også</i>	
<i>fortaum</i> el. <i>fortom</i> m. (del av fiskesnøre)		<i>fortaum</i> el. <i>fortom</i> m.	
au – ø			
<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f. (soppinf.)		<i>trauske</i> el. <i>trøske</i> f.	
ei – e			
<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.		<i>meiska</i> el. <i>meska</i> v.	
øy – ø			
<i>døyeleg</i> el. <i>dødeleg</i> adj.		<i>døyeleg</i> el. <i>dødeleg</i> adj.	
<i>røyst</i> el. <i>røst</i> f.	<i>røst</i>	<i>røyst</i> f.	Ca. 70 dømme på <i>røst</i> , stor overvekt av <i>røyst</i> .
<i>røysta</i> el. <i>røsta</i> v.	<i>røsta</i>	<i>røysta</i> v.	

Konsonantisme:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
d/dd			
<i>bed</i> el. <i>bedd</i> m. (jordlag; seng)		<i>bed</i> el. <i>bedd</i> m.	To dømme på <i>bedd</i> (Heggland).
d/t			
<i>moda</i> el. <i>mota</i> adj. (vere m. på)	<i>moda</i>	<i>mota</i> adj. (vere m. på)	Jf. vedtak om <i>mot</i> .
g/gg			
<i>bag</i> el. <i>bagg</i> m.		<i>bag</i> el. <i>bagg</i> m.	
<i>gag</i> el. <i>gagg</i> m. (komisk innfall el. påfunn)		<i>gag</i> el. <i>gagg</i> m. (komisk innfall el. påfunn)	
<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)		<i>gag</i> el. <i>gagg</i> adj. (tilbakebøygd)	
k/kk			
<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)		<i>frak</i> el. <i>frakk</i> adj. (dugande; sterk; helsug)	
<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.		<i>gnika</i> el. <i>gnikka</i> v.	
<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.		<i>kika</i> el. <i>kikka</i> v.	
<i>kikert</i> el. <i>kikkert</i> m.		<i>kikert</i> el. <i>kikkert</i> m.	
<i>kuk</i> el. <i>kukk</i> m.		<i>kuk</i> el. <i>kukk</i> m.	
<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.		<i>slak</i> el. <i>slakk</i> adj.	

m/mm er jamstelte no:			
alderdomleg el. alderdommeleg adj.		alderdomleg el. alderdommeleg adj.	
forsøma el. forsømme v.		forsøma el. forsømme v.	Jf. søma.
Enkel m er klammeform no			
stramma [strama] v.	[strama]	stramma v.	Klar overvekt av stramma.
n/nn			
bøn el. bønn f.		bøn el. bønn f.	Mange dømme på baa.
døn el. dønn n.	døn	dønn n.	Jf. drønn, som me har sagt skal vera eineform.
trin el. trinn n.	trin	trinn n.	
p/pp			
rap el. rapp m. (plante)	rap	rapp m.	
s/ss			
bos el. boss n.		bos el. boss n.	
bus el. buss m. (garn, not)		bus el. buss m.	
flas el. flass n.		flas el. flass n.	
flasa el. flassa v.		flasa el. flassa v.	
gisen el. gissen adj.		gisen el. gissen adj.	
glisen el. glissen adj.		glisen el. glissen adj.	
grisen el. grissen adj.		grisen el. grissen adj.	
grisgrendt el. grissgrendt adj.		grisgrendt el. grissgrendt adj.	
jås el. jåss n.	jås	jåss n.	
kompas el. kompass m. el. n.	kompas	kompass m. el. n.	
visen el. vissen adj.		visen el. vissen adj.	
sl/tl			
esla el. etla v.		esla el. etla v.	
fasle el. fatle n.		fasle el. fatle n.	
fesl el. fetl n. (bandasje)		fesl el. fetl n. (bandasje)	
firfisle el. firføsle el. firføtle f.	firføsle el. firføtle	firfisle f.	Ingen treff på firføsle el. firføtle.
kislen el. kitlen adj.		kislen el. kitlen adj.	
krisla el. kritla v.		krisla el. kritla v.	
lisle el. litle adj.		lisle el. litle adj.	
pusla el. putla v.		pusla el. putla v.	
rasla el. ratla v.		rasla el. ratla v.	
skrasla el. skratla v.		skrasla el. skratla v.	
skusla el. skutla v.		skusla el. skutla v.	
susla el. sutla v.		susla el. sutla v.	
tasla el. tatla m.		tasla el. tatla m.	Ulike tydingar i somme målføre.
tusla el. tutla v.		tusla el. tutla v.	Ulike tydingar i somme målføre.

t/tt			
<i>flòt</i> el. <i>flott</i> adj. (flytande)		<i>flòt</i> el. <i>flott</i> adj.	
<i>gat</i> el. <i>gatt</i> n. (hol, opning)	<i>gat</i>	<i>gatt</i> n.	
<i>spygat</i> el. <i>spygatt</i> n. (opning i skipssida for overvatn)	<i>spygat</i>	<i>spygatt</i> n. (opning i skipssida for overvatn)	Jf. <i>gat(t)</i> . Bm. har berre <i>spygatt</i> .
<i>utbyte</i> el. <i>utbytte</i> n.		<i>utbyte</i> el. <i>utbytte</i> n.	

Enkeltord

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>akterdekk</i> el. <i>atterdekk</i> n.	<i>atterdekk</i>	<i>akterdekk</i> n.	14 treff på <i>akterdekk</i> , ingen på <i>atterdekk</i> .
<i>akterut</i> el. <i>atterut</i> adv.	<i>atterut</i>	<i>akterut</i> adv.	50 treff på <i>akterut</i> , ingen på <i>atterut</i> .
<i>andredag</i> el. <i>annandag</i> m.	<i>annandag</i>	<i>andredag</i> m.	6 treff på <i>andredag</i> , ingen på <i>annandag</i> .
<i>angest</i> el. <i>angst</i> m.		<i>angest</i> el. <i>angst</i> m.	
<i>alsdyr</i> el. <i>avlssdyr</i> n.		<i>alsdyr</i> el. <i>avlssdyr</i> n.	Bør først opp som to oppslagsord; <i>al</i> og <i>avl</i> er ikkje heilt synonyme.
<i>argeleg</i> el. <i>argleg</i> adj.		<i>argeleg</i> el. <i>argleg</i> adj.	
<i>armbrøst</i> el. <i>armbøst</i> m.	<i>armbøst</i>	<i>armbrøst</i> m.	2 treff på <i>armbrøst</i> , ingen på <i>armbøst</i> .
<i>augekast</i> el. <i>augnekast</i> n.		<i>augekast</i> el. <i>augnekast</i> n.	
<i>augna</i> el. <i>øygna</i> v.		<i>augna</i> el. <i>øygna</i> v.	
<i>avgjerd</i> el. <i>avgjersle</i> f.		<i>avgjerd</i> el. <i>avgjersle</i> f.	
<i>avkom</i> el. <i>avkjøme</i> n.		<i>avkom</i> el. <i>avkjøme</i> n.	Bør først opp som to oppslagsord.
<i>babbel</i> el. <i>babl</i> n.	<i>babl</i>	<i>babbel</i> n.	10 treff på <i>babbel</i> , ingen på <i>babl</i> .
<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n		<i>bakkels</i> el. <i>bakkelse</i> m. el. n	2 treff på <i>bakkels</i> , ingen på <i>bakkelse</i> .
<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)		<i>bard</i> el. <i>barde</i> m. (kant)	
<i>begge</i> el. <i>båe</i> adv.		<i>begge</i> el. <i>båe</i> adv.	
<i>belar</i> el. <i>bele</i> -en		<i>belar</i> el. <i>bele</i> -en	
<i>belga</i> el. <i>belgja</i> v. (b. i seg)		<i>belga</i> el. <i>belgja</i> v. (b. i seg)	Begge er hovudformer i dag.
<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.		<i>berm</i> el. <i>berme</i> m.	
<i>beviseleg</i> el. <i>bevisleg</i> adj.		<i>beviseleg</i> el. <i>bevisleg</i> adj.	5–6 døme på kvar.
<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.		<i>bing</i> el. <i>binge</i> m.	
<i>blidleg</i> el. <i>blidsleg</i> adj.		<i>blidleg</i> el. <i>blidsleg</i> adj.	
<i>blom</i> el. <i>blome</i> el. <i>blomster</i> m.		<i>blom</i> el. <i>blome</i> el. <i>blomster</i> m.	Enkelte blomenamn endar på <i>-blom</i> (t.d. <i>ballblom</i>). <i>Blom(e)</i> og <i>blomster</i> bør først opp

			kvar for seg.
<i>blåst</i> el. <i>blåster</i> m. (vind)	<i>blåster</i>	<i>blåst</i> m. (vind)	
<i>bokstaveleg</i> el. <i>bokstavleg</i> adj.		<i>bokstaveleg</i> el. <i>bokstavleg</i> adj.	
<i>breddfull</i> el. <i>breiddfull</i> adj.		<i>breddfull</i> el. <i>breiddfull</i> adj.	Fyrsteleddet kan koma av både <i>bredd</i> og <i>breidd</i> , som har til dels same/like, men ikkje heilt samanfallande tydingar.
<i>bre</i> el. <i>brede</i> m. (is-)	<i>brede</i>	<i>bre</i> m. (is-)	Ingen døme på <i>brede</i> .
<i>briks</i> el. <i>brisk</i> m.	<i>briks</i>	<i>brisk</i> m.	
<i>brud</i> el. <i>brur</i> f.		<i>brud</i> el. <i>brur</i> f.	
<i>bye</i> el. <i>bøye</i> f.		<i>bye</i> el. <i>bøye</i> f.	
<i>bøle</i> el. <i>børe</i> f. (stor kiste)		<i>bøle</i> el. <i>børe</i> f. (stor kiste)	
<i>børse</i> el. <i>bøsse</i> f. (spare-)		<i>børse</i> el. <i>bøsse</i> f. (spare-)	
<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)		<i>båk</i> el. <i>båke</i> m. (sjømerke)	
<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)		<i>bår</i> el. <i>båre</i> f. (trille-)	
<i>derfor</i> el. <i>difor</i> adv.		<i>derfor</i> el. <i>difor</i> adv.	
<i>dermed</i> el. <i>dimed</i> adv.		<i>dermed</i> el. <i>dimed</i> adv.	
<i>dernest</i> el. <i>dinest</i> adv.		<i>dernest</i> el. <i>dinest</i> adv.	
<i>dess</i> el. <i>di</i> adv.		<i>dess</i> el. <i>di</i> adv.	
<i>dessverre</i> el. <i>diverre</i> adv.		<i>dessverre</i> el. <i>diverre</i> adv.	
<i>dobbel</i> el. <i>dobbelt</i> adj.		<i>dobbel</i> el. <i>dobbelt</i> adj.	
<i>doktera</i> el. <i>dokterera</i> v.	<i>doktera</i>	<i>dokterera</i> v.	Bm: berre <i>doktorere</i> .
<i>drusta</i> el. <i>druste</i> adj.	<i>druste</i>	<i>drusta</i> adj.	
<i>drysja</i> [<i>dryssa</i>] v.		<i>drysja</i> el. <i>dryssa</i> v.	<i>Drysja</i> er eit j-verb, mens <i>dryssa</i> blir bøygd som eit e-verb.
<i>drøpel</i> el. <i>drøvel</i> m.	<i>drøpel</i>	<i>drøvel</i> m.	13 døme på <i>drøvel</i> , ingen på <i>drøpel</i> .
<i>dugeleg</i> el. <i>dugleg</i> adj.		<i>dugeleg</i> el. <i>dugleg</i> adj.	
<i>dvela</i> el. <i>dvelja</i> v.		<i>dvela</i> el. <i>dvelja</i> v.	
<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.		<i>dødeleg</i> el. <i>døyeleg</i> adj.	
<i>døger</i> el. <i>døgn</i> n.		<i>døger</i> el. <i>døgn</i> n.	
<i>då</i> el. <i>dåe</i> m. (plante)	<i>dåe</i>	<i>då</i> m.	Lids flora har berre <i>då</i> .
<i>egd</i> el. <i>egde</i> m.	<i>egd</i>	<i>egde</i> m.	<i>Egd</i> er i-stamme, mens <i>egde</i> har vanleg hankjønnsbøying.
<i>eigenleg</i> el. <i>eigentleg</i> adj.		<i>eigenleg</i> el. <i>eigentleg</i> adj.	
<i>eignelott</i> el. <i>eignelut</i> m.	<i>eignelott</i>	<i>eignelut</i> m.	Jf. <i>lut/lott</i> : "Lut blir brukt i tydinga 'aksje, del', mens <i>lott</i> blir brukt om 'del av avkasting, særleg i fiske'." 50 treff på <i>eignelut</i> , ingen på

			<i>eignelott.</i>
<i>einast</i> el. <i>einaste</i> adv.		<i>einast</i> el. <i>einaste</i> adv.	
<i>eine</i> el. <i>einer</i> m. (plante)		<i>eine</i> el. <i>einer</i> m. (plante)	
<i>einøre</i> el. <i>eittøre</i> m.		<i>einøre</i> el. <i>eittøre</i> m.	
<i>einøring</i> el. <i>eittøring</i> m.		<i>einøring</i> el. <i>eittøring</i> m.	
<i>eksere</i> el. <i>eksersere</i> v.	<i>eksere</i>	<i>eksersere</i> v.	Bm.: <i>eksersere</i> .
<i>eksersis</i> el. <i>eksis</i> m.	<i>eksis</i>	<i>eksersis</i> m.	Bm.: <i>eksersis</i> .
<i>ekteskapeleg</i> el. <i>ekteskapleg</i> adj.		<i>ekteskapeleg</i> el. <i>ekteskapleg</i> adj.	
<i>erga</i> el. <i>ergra</i> v.		<i>erga</i> el. <i>ergra</i> v.	
<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.		<i>ert</i> el. <i>erter</i> f.	
<i>faen</i> el. <i>fan</i> m.	<i>fan</i>	<i>faen</i> m.	
<i>faldar</i> el. <i>foldar</i> v.		<i>faldar</i> el. <i>foldar</i> v.	Verb: <i>falda</i> .
<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)		<i>faut</i> el. <i>faute</i> f. el. m. (fuge, gjenge)	
<i>fennikel</i> el. <i>finkel</i> m. (plante)	<i>finkel</i>	<i>fennikel</i> m. (plante)	Bm.: berre <i>fennikel</i> , likeins i Lids flora.
<i>fest</i> el. <i>fester</i> f.		<i>fest</i> el. <i>fester</i> f.	
<i>fiendsleg</i> el. <i>fiendtleg</i> adj.		<i>fiendsleg</i> el. <i>fiendtleg</i> adj.	
<i>fivrelld</i> el. <i>fivrelde</i> n.		<i>fivrelld</i> el. <i>fivrelde</i> n.	
<i>flu</i> el. <i>flua</i> v. (strø lokkemat til fisk)		<i>flu</i> el. <i>flua</i> v. (strø lokkemat til fisk)	<i>Flu</i> er e-verb, <i>flue</i> er a-verb.
<i>forbrødring</i> el. <i>forbrøring</i> f.		<i>forbrødring</i> el. <i>forbrøring</i> f.	
<i>forfar</i> el. <i>forfader</i> m.	<i>forfader</i>	<i>forfar</i> m.	13 treff på <i>forfar</i> , ingen på <i>forfader</i> .
<i>forfæld</i> el. <i>forfærd</i> adj.		<i>forfæld</i> el. <i>forfærd</i> adj.	To separate oppslag i NOB.
<i>forkle</i> el. <i>forklede</i> n.	<i>forklede</i>	<i>forkle</i> n.	
<i>formor</i> el. <i>formoder</i> f.	<i>formoder</i>	<i>formor</i> f.	Ingen treff på nokon.
<i>forstua</i> el. <i>forstuva</i> v.		<i>forstua</i> el. <i>forstuva</i> v.	
<i>fortusta</i> el. <i>fortustra</i> adj.		<i>fortusta</i> el. <i>fortustra</i> adj.	
<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.		<i>frakk</i> el. <i>frakke</i> m.	
<i>frisersalong</i> el. <i>frisørsalong</i> m.		<i>frisersalong</i> el. <i>frisørsalong</i> m.	
<i>fryd</i> m. el. <i>frygd</i> f.		<i>fryd</i> m. el. <i>frygd</i> f.	
<i>fryda</i> el. <i>frygda</i> v.		<i>fryda</i> el. <i>frygda</i> v.	
<i>fråvær</i> el. <i>fråvære</i> n.		<i>fråvær</i> el. <i>fråvære</i> n.	Jf. <i>fråvere</i> f.
<i>fure</i> el. <i>furu</i> f.		<i>fure</i> el. <i>furu</i> f.	
<i>fyldig</i> el. <i>fyllug</i> adj.	<i>fyllug</i>	<i>fyldig</i> adj.	
<i>fyraben</i> el. <i>fyrabend</i> m.	<i>fyraben</i>	<i>fyrabend</i> m.	Bm.: Berre <i>fyrabend</i> .
<i>fyrverk</i> el. <i>fyrverkeri</i> n.	<i>fyrverk</i>	<i>fyrverkeri</i> n.	
<i>fødeflekk</i> el. <i>føfleck</i> m.	<i>fødeflekk</i>	<i>føfleck</i> m.	
<i>galehus</i> el. <i>galnehus</i> n.	<i>galnehus</i>	<i>galehus</i> n.	40 treff på <i>galehus</i> , ingen på <i>galnehus</i> .
<i>galenheie</i> el. <i>galneheie</i> f.	<i>galenheie</i>	<i>galneheie</i> f.	Eitt treff på <i>galneheie</i> (Hegglund).

<i>galenmannsferd</i> el. <i>galmannsferd</i> m.		<i>galenmannsferd</i> el. <i>galmannsferd</i> m.	
<i>galenskap</i> el. <i>galskap</i> m.	<i>galenskap</i>	<i>galskap</i> m.	
<i>gall</i> n. el. <i>galle</i> m.		<i>gall</i> n. el. <i>galle</i> m.	
<i>galt</i> n. el. <i>galte</i> m.		<i>galt</i> n. el. <i>galte</i> m.	
<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.		<i>geil</i> el. <i>geile</i> f. el. m.	
<i>geisp</i> el. <i>gjesp</i> m.		<i>geisp</i> el. <i>gjesp</i> m.	
<i>gimber</i> el. <i>gimmer</i> f.	<i>gimber</i>	<i>gimmer</i> f.	4 d�me p� <i>gimmer</i> , ingen p� <i>gimber</i> .
<i>gjennomtrengelig</i> el. <i>gjennomtrengjeleg</i> adj.		<i>gjennomtrengelig</i> el. <i>gjennomtrengjeleg</i> adj.	
<i>gjerrig</i> el. <i>gjerug</i> adj.		<i>gjerrig</i> el. <i>gjerug</i> adj.	
<i>gjerst</i> [<i>gjers</i> el. <i>gj�rs(t)</i>] (p� g.)	[<i>gjers</i> el. <i>gj�rs(t)</i>]	<i>gjerst</i>	Jf. vedtak om <i>gj�ra</i> . Refleksivforma -st [-s] kjem me attende til.
<i>gladeleg</i> el. <i>gladleg</i> adj.		<i>gladeleg</i> el. <i>gladleg</i> adj.	
<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.		<i>glugg</i> el. <i>glugge</i> m.	
<i>gremja</i> el. <i>gremma</i> v.		<i>gremja</i> el. <i>gremma</i> v.	
<i>guddomleg</i> el. <i>guddommeleg</i> adj.		<i>guddomleg</i> el. <i>guddommeleg</i> adj.	
<i>gudeleg</i> el. <i>gudleg</i> adj.		<i>gudeleg</i> el. <i>gudleg</i> adj.	
<i>hafelle</i> el. <i>hagfelle</i> f. (gjerde)	<i>hagfelle</i>	<i>hafelle</i> f. (gjerde)	3 d�me p� <i>hafelle</i> (Hovdhaugen), ingen p� <i>hagfelle</i> .
<i>hakupik</i> el. <i>hakepik</i> el. <i>hakepigg</i> m.	<i>hakepik</i>	<i>hakupik</i> el. <i>hakepigg</i> m.	4 d�me p� <i>hakupik</i> , ingen p� dei andre to. Bm. har <i>hakupik</i> el. <i>hakepigg</i> m.
<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.		<i>hakkels</i> el. <i>hakkelse</i> m.	
<i>handkle</i> el. <i>handklede</i> n.	<i>handklede</i>	<i>handkle</i> n.	
<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.		<i>hann</i> el. <i>hanne</i> m.	
<i>hankj�nn</i> el. <i>hannkj�nn</i> m.		<i>hankj�nn</i> el. <i>hannkj�nn</i> m.	
<i>hanleg</i> el. <i>hannleg</i> m.		<i>hanleg</i> el. <i>hannleg</i> m.	
<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.		<i>harm</i> el. <i>harme</i> m.	
<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)		<i>harp</i> el. <i>harpe</i> f. (fiskereiskap)	
<i>hasp</i> m. el. <i>haspe</i> f.		<i>hasp</i> m. el. <i>haspe</i> f.	
<i>havfru</i> el. <i>havfrue</i> f.		<i>havfru</i> el. <i>havfrue</i> f.	
<i>hegd</i> el. <i>hogd</i> f. (treb�yel)		<i>hegd</i> el. <i>hogd</i> f. (treb�yel)	
<i>heilskru</i> el. <i>heilskr�v</i> m.		<i>heilskru</i> el. <i>heilskr�v</i> m.	
<i>heimleg</i> el. <i>heimsleg</i> adj.		<i>heimleg</i> el. <i>heimsleg</i> adj.	
<i>helleristing</i> el. <i>helleristning</i> f.		<i>helleristing</i> el. <i>helleristning</i> f.	
<i>hemja</i> el. <i>hemma</i> v.	<i>hemja</i>	<i>hemma</i> v.	
<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.		<i>hems</i> el. <i>hemse</i> m.	
<i>henta</i> el. <i>hente</i> adj. (sjeldan)		<i>henta</i> el. <i>hente</i> adj. (sjeldan)	
<i>herberge</i> el. <i>herbyrge</i> n.	<i>herbyrge</i>	<i>herberge</i> n.	

<i>herskapeleg</i> el. <i>herskapleg</i> adj.		<i>herskapeleg</i> el. <i>herskapleg</i> adj.	
<i>hjá</i> el. <i>hos</i> prep.		<i>hjá</i> el. <i>hos</i> prep.	
<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.		<i>ho</i> el. <i>hoe</i> f.	
<i>hoft</i> el. <i>hofte</i> f.		<i>hoft</i> el. <i>hofte</i> f.	
<i>hogst</i> el. <i>hogster</i> m.		<i>hogst</i> el. <i>hogster</i> m.	
<i>holm</i> el. <i>holme</i> m.	<i>holm</i>	<i>holme</i> m.	
<i>hovel</i> el. <i>hovold</i> f.	<i>hovold</i>	<i>hovel</i> f.	Ordet er mest brukt i fleirtal, då som <i>hovler</i> . Dnt har 9 treff på <i>hovold</i> , alle frå Nordal.
<i>hue</i> el. <i>huve</i> el. <i>lue</i> el. <i>luve</i> f.	<i>hue</i> el. <i>huve</i>	<i>lue</i> el. <i>luve</i> f.	<i>Hue</i> : 40 dømme; <i>huve</i> : 20; <i>lue</i> : 90 dømme; <i>luve</i> : 130. <i>Hu(v)e</i> og <i>lu(v)e</i> er elles separate oppslag i NOB, og bør sjåast slik.
<i>huia</i> el. <i>huja</i> v.		<i>huia</i> el. <i>huja</i> v.	
<i>hutaheiti</i> el. <i>huttaheiti</i> subst.	<i>huttaheiti</i>	<i>hutaheiti</i> subst.	Bm. har berre <i>hutaheiti</i> .
<i>hyggeleg</i> el. <i>hyggjeleg</i> adj.		<i>hyggeleg</i> el. <i>hyggjeleg</i> adj.	
<i>høgtideleg</i> el. <i>høgtidleg</i> adj.		<i>høgtideleg</i> el. <i>høgtidleg</i> adj.	
<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)		<i>håk</i> el. <i>håke</i> m. (tosk)	
<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)		<i>jar</i> el. <i>jare</i> m. (kant)	
<i>jest</i> el. <i>jester</i> m. (gjær)		<i>jest</i> el. <i>jester</i> m. (gjær)	
<i>kabyss</i> el. <i>kabyss</i> f.		<i>kabyss</i> el. <i>kabyss</i> f.	
<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.		<i>kagg</i> el. <i>kagge</i> m.	
<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.		<i>kahytt</i> el. <i>kahytte</i> f.	
<i>kal</i> el. <i>kale</i> m.		<i>kal</i> el. <i>kale</i> m.	
<i>kaldleg</i> el. <i>kaldsleg</i> adj.		<i>kaldleg</i> el. <i>kaldsleg</i> adj.	
<i>kanevas</i> el. <i>kanvas</i> m.	<i>kanevas</i>	<i>kanvas</i> m.	Ingen dømme i Dnt.
<i>kei</i> el. <i>kjei</i> f. (jente)		<i>kei</i> el. <i>kjei</i> f. (jente)	5 dømme på <i>kjei</i> – som nøytrumsord! Vigerust.
<i>kenning</i> el. <i>kjenning</i> m. (omskrivning i skaldekvad)		<i>kenning</i> el. <i>kjenning</i> m. (omskrivning i skaldekvad)	
<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.		<i>kim</i> el. <i>kime</i> m.	
<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)		<i>kip</i> el. <i>kipe</i> f. (korg)	
<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.		<i>kjel</i> el. <i>kjele</i> m.	
<i>kjerald</i> el. <i>kjørel</i> n.		<i>kjerald</i> el. <i>kjørel</i> n.	Bør førast opp kvar for seg.
<i>kjukling</i> el. <i>kylling</i> m.	<i>kjukling</i>	<i>kylling</i> m.	
<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.		<i>kjærast</i> el. <i>kjæraste</i> m.	
<i>klaff</i> el. <i>klaffe</i> m.		<i>klaff</i> el. <i>klaffe</i> m.	
<i>klode</i> el. <i>klote</i> m.	<i>klote</i>	<i>klode</i> m.	
<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.		<i>knagg</i> el. <i>knagge</i> m.	
<i>knips</i> el. <i>knipsk</i> adj. (avvisande)		<i>knips</i> el. <i>knipsk</i> adj. (avvisande)	
<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.		<i>knok</i> el. <i>knoke</i> m.	
<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.		<i>knut</i> el. <i>knute</i> m.	
<i>knøtrande</i> el. <i>knøttande</i> adj.	<i>knøtrande</i>	<i>knøttande</i> adj.	

<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.		<i>kogg</i> el. <i>kogge</i> m.	
<i>kòs</i> el. <i>koss</i> f.		<i>kòs</i> el. <i>koss</i> f.	
<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.		<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.	
<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.		<i>krik</i> el. <i>krike</i> m.	
<i>krønik</i> el. <i>krønike</i> f.	<i>krønik</i>	<i>krønike</i> f.	Ingen døme på <i>krønik</i> ; bm. har <i>krønike</i> .
<i>kusma</i> m. el. <i>kusme</i> f.		<i>kusma</i> m. el. <i>kusme</i> f.	
<i>kvarg</i> el. <i>kvark</i> m. (fersk ostemasse)		<i>kvarg</i> el. <i>kvark</i> m.	
<i>kvidesam</i> el. <i>kvisam</i> adj.		<i>kvidesam</i> el. <i>kvisam</i> adj.	<i>Kvidefull</i> er eineform.
<i>kviksølv</i> el. <i>kvikksølv</i> [<i>kviksyly</i> el. <i>kvikksyly</i>] n.	<i>kviksølv</i> el. <i>kviksyly</i>	<i>kvikksølv</i> el. <i>kvikksyly</i> n.	66 døme på <i>kvikk-</i> , 5 døme på <i>kvik-</i> . Har ikkje gjort vedtak om <i>sølv/syly</i> .
<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.		<i>køy</i> el. <i>køye</i> f.	
<i>lagom</i> el. <i>lugom</i> adj.		<i>lagom</i> el. <i>lugom</i> adj.	
<i>lea</i> el. <i>leda</i> v.		<i>lea</i> el. <i>leda</i> v.	
<i>lealaus</i> el. <i>ledlaus</i> el. <i>ledalaus</i> adj.		<i>lealaus</i> el. <i>ledlaus</i> el. <i>ledalaus</i> adj.	
<i>led</i> m. el. <i>lekk</i> m. el. <i>ledd</i> n.		<i>led</i> m. el. <i>lekk</i> m. el. <i>ledd</i> n.	Ikkje heilt synonyme, jf. t.d. omsynsledd el. <i>-lekk</i> (NOB også <i>-led</i>); <i>armed</i> el. <i>armedd</i> .
<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.		<i>legd</i> el. <i>legde</i> f.	
<i>lege</i> el. <i>lækjar</i> m.		<i>lege</i> el. <i>lækjar</i> m.	To oppslagsord.
<i>leira</i> el. <i>lægra</i> v. (slå leir)		<i>leira</i> el. <i>lægra</i> v. (slå leir)	To oppslagsord.
<i>lekkje</i> el. <i>lenkje</i> f.		<i>lekkje</i> el. <i>lenkje</i> f.	To oppslagsord.
<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.		<i>lekt</i> el. <i>lekte</i> f.	
<i>lereft</i> el. <i>lerret</i> n.	<i>lereft</i>	<i>lerret</i> n.	10 døme på <i>lereft</i> (Noss og Uppdal), nærare 300 døme på <i>lerret</i> .
<i>lidenskapeleg</i> el. <i>lidenskapleg</i> adj.		<i>lidenskapeleg</i> el. <i>lidenskapleg</i> adj.	
<i>line</i> el. <i>linje</i> f.		<i>line</i> el. <i>linje</i> f.	
<i>lynde</i> el. <i>lynne</i> n.		<i>lynde</i> el. <i>lynne</i> n.	21 døme på <i>lynne</i> , 35 døme på <i>lynde</i> .
<i>makk</i> el. <i>mark</i> m.	<i>mark</i>	<i>makk</i> m.	2 døme på <i>mark</i> , 200 døme på <i>makk</i> .
<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)		<i>malm</i> el. <i>malme</i> m. (kjerneved)	
<i>marinykleband</i> el. <i>marianøkleband</i> el. <i>marinykleband</i> el. <i>marinøkleband</i> m.	<i>marinykleband</i> el. <i>marinøkleband</i> m.	<i>marinykleband</i> el. <i>marianøkleband</i> el.	Lids flora og Tanum: <i>marianøkleband</i> . Før gjort vedtak om <i>nykel/nøkkel</i> .
<i>marinykleblom</i> el. <i>marianøkleblom</i> el. <i>marinykleblom</i> el. <i>marinøkleblom</i> m.	<i>marinykleblom</i> el. <i>marinøkleblom</i> m.	<i>marinykleblom</i> el. <i>marianøkleblom</i> el.	Lids flora og Tanum: <i>marianøkleblom</i> .
<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.		<i>marimess</i> el. <i>marimesse</i> f.	-mess berre i samansetningar.

<i>mast</i> el. <i>master</i> f.		<i>mast</i> el. <i>master</i> f.	
<i>masta</i> el. <i>mastra</i> adj. (tre-)		<i>masta</i> el. <i>mastra</i> adj. (tre-)	
<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.		<i>matauk</i> el. <i>matauke</i> m.	<i>Auk</i> brukt i samansetningar; elles helst <i>auke</i> .
<i>medan</i> el. <i>mens</i> subjunk.		<i>medan</i> el. <i>mens</i> subjunk.	
<i>medel-</i> el. <i>middel-</i> (klasse)	<i>medel-</i>	<i>middel-</i> (klasse)	
<i>medels</i> el. <i>middels</i> adj.	<i>medels</i>	<i>middels</i> adj.	
<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)		<i>meis</i> el. <i>meise</i> m. (fugl)	
<i>midd</i> el. <i>mit</i> m.	<i>mit</i>	<i>midd</i> m.	2 døme på <i>midd</i> , ingen på <i>mit</i> .
<i>mikjelsbær</i> el. <i>mikkelsbær</i> n.	<i>mikjelsbær</i>	<i>mikkelsbær</i> n.	Dss. <i>blokkebær</i> .
<i>mildleg</i> el. <i>mildsleg</i> adj.		<i>mildleg</i> el. <i>mildsleg</i> adj.	
<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.		<i>milt</i> el. <i>milte</i> m.	
<i>minder</i> el. <i>minders</i> adj.		<i>minder</i> el. <i>minders</i> adj.	
<i>miss</i> el. <i>mist</i> m. (ta i m.)		<i>miss</i> el. <i>mist</i> m. (ta i m.)	
<i>missa</i> el. <i>mista</i> v.		<i>missa</i> el. <i>mista</i> v.	
<i>mjell</i> el. <i>mjøll</i> m. (tørrsnø)		<i>mjell</i> el. <i>mjøll</i> m. (tørrsnø)	Eitt døme på <i>mjøll</i> , 8 døme på <i>mjell</i> .
<i>mjuka</i> el. <i>mykja</i> v.		<i>mjuka</i> el. <i>mykja</i> v.	
<i>moden</i> el. <i>mogen</i> adj.		<i>moden</i> el. <i>mogen</i> adj.	
<i>modig</i> el. <i>motig</i> adj.	<i>motig</i>	<i>modig</i> adj.	85 døme på <i>motig</i> , 400 døme på <i>modig</i> .
<i>modna</i> el. <i>mogna</i> v.		<i>modna</i> el. <i>mogna</i> v.	
<i>mora</i> el. <i>moroa</i> m. (m. seg)seg)		<i>mora</i> el. <i>moroa</i> m. (m. seg)	
<i>mudd</i> el. <i>mutt</i> m. (pelskufte)		<i>mudd</i> el. <i>mutt</i> m. (pelskufte)	Bm. har båe orda.
<i>mue</i> el. <i>muge</i> f. (dunge)		<i>mue</i> el. <i>muge</i> f. (dunge)	
<i>mylse</i> el. <i>mylske</i> f. (gumme)		<i>mylse</i> el. <i>mylske</i> f. (gumme)	2 treff på <i>mylse</i> , ingen på <i>mylske</i> .
<i>mørke</i> el. <i>mørker</i> n.		<i>mørke</i> el. <i>mørker</i> n.	
<i>måke</i> f. el. m.; el. <i>måse</i> m.		<i>måke</i> f. el. m.; el. <i>måse</i> m.	
<i>måta</i> el. <i>måte</i> adv. (m. stor)		<i>måta</i> el. <i>måte</i> adv. (m. stor)	
<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.		<i>nabb</i> el. <i>nabbe</i> m.	
<i>nashorn</i> n. el. <i>nashyrning</i> m.	<i>nashyrning</i> m.	<i>nashorn</i> n.	Jf. <i>einhyrning</i> .
<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)		<i>nip</i> el. <i>nipe</i> m. (berghammar)	
<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)		<i>nokk</i> el. <i>nokke</i> m. (jernkrok)	
<i>nyss</i> el. <i>nyst</i> adv. (nyleg)		<i>nyss</i> el. <i>nyst</i> adv. (nyleg)	
<i>nysn</i> el. <i>njos</i> el. <i>njosn</i> f.	<i>njos</i> el. <i>njosn</i>	<i>nysn</i> f.	Ingen treff på <i>njos</i> , 2 på <i>njosn</i> , 2 på <i>nysn</i> .
<i>omrømma</i> [omrøma] v.	[omrøma]	<i>omrømma</i> v.	Jf. <i>rømma</i> ; ulik bøying.

<i>ongel</i> el. <i>ongul</i> m.		<i>ongel</i> el. <i>ongul</i> m.	3 treff på <i>ongel</i> , 7 på <i>ongul</i> .
<i>openberra</i> [<i>openbara</i>] v.		<i>openberra</i> el. <i>openbara</i> v.	Jf. <i>berr</i> el. <i>bar</i> .
<i>oppstylta</i> el. <i>oppstyltra</i> adj.	<i>oppstyltra</i>	<i>oppstylta</i> adj.	Frå lty. Eitt treff på <i>oppstylta</i> , ingen på <i>oppstyltra</i> .
<i>ostre</i> el. <i>østers</i> f.		<i>ostre</i> el. <i>østers</i> f.	Eitt treff på <i>ostre</i> , 60 på <i>østers</i> .
<i>overtru</i> el. <i>ovtru</i> f.	<i>ovtru</i>	<i>overtru</i> f.	
<i>peng</i> el. <i>penge</i> m.	<i>peng</i>	<i>penge</i> m.	Ingen treff på <i>peng</i> , mange på <i>penge</i> .
<i>pinesam</i> el. <i>pinsam</i> adj.		<i>pinesam</i> el. <i>pinsam</i> adj.	
<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.		<i>pinn</i> el. <i>pinne</i> m.	Tydingsskillnad?
<i>pins</i> el. <i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	<i>pins</i>	<i>pinse</i> f. el. m. (-helg)	3 treff på <i>pins</i> , 50 på <i>pinse</i> .
<i>poda</i> el. <i>pota</i> v.	<i>pota</i>	<i>poda</i> v.	Ingen dømme på <i>pota</i> , 5 dømme på <i>poda</i> .
<i>pols</i> el. <i>polsk</i> m. (dans)	<i>polsk</i>	<i>pols</i> m. (dans)	Bm. har <i>pols</i> , men <i>polskdans</i> .
<i>premi</i> el. <i>premie</i> m.	<i>premi</i>	<i>premie</i> m.	2 treff på <i>premi</i> , 150 på <i>premie</i> .
<i>publikumar</i> el. <i>publikummar</i> m.	<i>publikumar</i>	<i>publikummar</i> m.	17 treff på <i>publikumar</i> , 80 på <i>publikummar</i> . Bm.: <i>publikummer</i> , men <i>publikum(m)et</i> .
<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)		<i>rabb</i> el. <i>rabbe</i> m. (berg-)	
<i>rakkel</i> el. <i>rakl</i> n.	<i>rakl</i>	<i>rakkel</i> n.	
<i>rakst</i> el. <i>rakster</i> m.		<i>rakst</i> el. <i>rakster</i> m.	
<i>ramnsvart</i> el. <i>ramsvart</i> adj.	<i>ramnsvart</i>	<i>ramsvart</i> adj.	Av <i>ramn-</i> og <i>ram-</i> , jf. <i>ramsalt</i> .
<i>rang</i> el. <i>vrang</i> adj.	<i>rang</i>	<i>vrang</i> adj.	
<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f.		<i>raudåt</i> el. <i>raudåte</i> f.	
<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)		<i>rein</i> el. <i>reine</i> f. (åker-)	
<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.		<i>reis</i> el. <i>reise</i> f.	
<i>rekkevidd</i> el. <i>rekkejeidd</i> f.		<i>rekkevidd</i> el. <i>rekkejeidd</i> f.	
<i>rengja</i> [<i>renga</i>] el. <i>vrengja</i> [<i>vrenga</i>] v.	<i>rengja</i> [<i>renga</i>]	<i>vrengja</i> [<i>vrenga</i>] v.	
<i>rinskvinn</i> el. <i>rhinskvinn</i> m.	<i>rinskvinn</i>	<i>rhinskvinn</i> m.	Bm. har berre <i>rhinskvinn</i> .
<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)		<i>rip</i> el. <i>ripe</i> f. (båt-)	<i>Rip</i> har fl. -ar, -ane [-er, -ene].
<i>rip</i> n. el. <i>ripe</i> f. (strek)		<i>rip</i> n. el. <i>ripe</i> f. (strek)	To oppføringar.
<i>rode</i> el. <i>rote</i> f. (adm. eining)	<i>rote</i>	<i>rode</i> f. (adm. eining)	Eitt dømme på <i>rote</i> , 35 på <i>rode</i> .
<i>rosekål</i> el. <i>rosenkål</i> m.	<i>rosekål</i>	<i>rosenkål</i> m.	2 treff på <i>rosenkål</i> , ingen på <i>rosekål</i> .
<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)		<i>rue</i> el. <i>ruve</i> f. (dunge)	
<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)		<i>runn</i> el. <i>runne</i> m. (kratt)	

<i>rydja</i> el. <i>rydda</i> v.		<i>rydja</i> el. <i>rydda</i> v.	<i>Rydja</i> er j-verb, <i>rydda</i> er a-verb.
<i>ryft</i> f. el. <i>ryfte</i> n. (vevbreidd; del av veg, stund)		<i>ryft</i> f. el. <i>ryfte</i> n. (vevbreidd; del av veg, stund)	
<i>rygga</i> el. <i>ryggja</i> [<i>rygga</i>] v.		<i>rygga</i> el. <i>ryggja</i> [<i>rygga</i>] v.	<i>Rygga</i> er a-verb, <i>ryggja</i> [<i>rygga</i>] er e-verb.
<i>røseleg</i> el. <i>røsleg</i> adj.		<i>røseleg</i> el. <i>røsleg</i> adj.	
<i>røye</i> el. <i>røyr</i> f. (fisk)		<i>røye</i> el. <i>røyr</i> f. (fisk)	
<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)		<i>rånokk</i> el. <i>rånokke</i> m. (enden av ei rå)	
<i>samvere</i> f.; el. <i>samvær</i> el. <i>samvære</i> n.		<i>samvere</i> f.; el. <i>samvær</i> el. <i>samvære</i> n.	(Jf. fråvær og nærvær)
<i>sausenebb</i> m. el. n.; el. <i>sausenebbe</i> f.		<i>sausenebb</i> m. el. n.; el. <i>sausenebbe</i> f.	
<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.		<i>sen</i> el. <i>sene</i> f.	
<i>sipet</i> el. <i>sipete</i> el. <i>siput</i> ; el. <i>sippet</i> el. <i>sippete</i> el. <i>sipput</i> adj.		<i>sipet</i> el. <i>sipete</i> el. <i>siput</i> ; el. <i>sippet</i> el. <i>sippete</i> el. <i>sipput</i> adj.	
<i>sjaga</i> el. <i>skjaga</i> v.		<i>sjaga</i> el. <i>skjaga</i> v.	
<i>sjapp</i> el. <i>sjappe</i> f.		<i>sjapp</i> el. <i>sjappe</i> f.	
<i>sjuking</i> el. <i>sjukling</i> m.		<i>sjuking</i> el. <i>sjukling</i> m.	
<i>skamleg</i> el. <i>skammeleg</i> adj.		<i>skamleg</i> el. <i>skammeleg</i> adj.	
<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)		<i>skantil</i> el. <i>skantile</i> n. (gjødselrenne i fjøs)	
<i>skar</i> el. <i>skard</i> n. (fjell-, glas-)		<i>skar</i> el. <i>skard</i> n. (fjell-, glas-)	
<i>skilaupar</i> el. <i>skiløpar</i> el. <i>skiløypar</i> m.		<i>skilaupar</i> el. <i>skiløpar</i> el. <i>skiløypar</i> m.	<i>Laupar</i> og <i>løpar</i> er oppførte som synonym; me tok ut <i>laupar</i> . <i>Løypar</i> er eige oppslagsord.
<i>skir</i> el. <i>skjær</i> adj.		<i>skir</i> el. <i>skjær</i> adj.	<i>Skir</i> er hovudform, i motsetning til <i>skirseld</i> . Derfor må ordet takast opp separat.
<i>skjeggjet</i> el. <i>skjeggjete</i> el. <i>skjeggjut</i> [<i>skjegget</i> el. <i>skjeggete</i> el. <i>skjeggut</i>]		<i>skjeggjet</i> el. <i>skjeggjete</i> el. <i>skjeggjut</i> [<i>skjegget</i> el. <i>skjeggete</i> el. <i>skjeggut</i>]	Når adj. er avleidd av eit verb med palatal g el. k, er det rimeleg at adj. får gj el. kj. Her er det ikkje så opplagt, sidan det er avleidd av subst. <i>skjegg</i> .
<i>skjøneleg</i> el. <i>skjønleg</i> el. <i>skjønneleg</i> adj.		<i>skjøneleg</i> el. <i>skjønleg</i> el. <i>skjønneleg</i> adj.	
<i>skjørna</i> el. <i>skøyrna</i> v.		<i>skjørna</i> el. <i>skøyrna</i> v.	Jf. <i>skøyr</i> (<i>skjør</i> er ute).
<i>skjøtta</i> el. <i>skøyta</i> v.	<i>skøyta</i>	<i>skjøtta</i> v.	Desse orda er to oppslagsord i NOB. Spørsmålet er om <i>skøyta</i> blir brukt i tydinga <i>skjøtta</i> . Frå Dnt: TidsRett 2006: å skøyta

			andre delar av riksstyringa. DT 2002: skøyta hus og heim. Heggland: det vart Sjurd som skøytt praten.
<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.		<i>skodd</i> el. <i>skodde</i> f.	
<i>skramme</i> el. <i>skråme</i> f.	<i>skråme</i>	<i>skramme</i> f.	
<i>skru</i> el. <i>skrua</i> el. <i>skruva</i> v.		<i>skru</i> el. <i>skrua</i> el. <i>skruva</i> v.	<i>Skr</i> og <i>skrua</i> er a- el. e-verb; <i>skruva</i> er a-verb.
<i>skrue</i> el. <i>skruve</i> m.		<i>skrue</i> el. <i>skruve</i> m.	
<i>skuls</i> el. <i>skult</i> adj.	<i>skult</i>	<i>skuls</i> adj.	
<i>skur</i> el. <i>skurd</i> m. (det å skjera)		<i>skur</i> el. <i>skurd</i> m. (det å skjera)	Jf. <i>treskurd</i> , som er eineform.
<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljàdrag)		<i>skår</i> el. <i>skåre</i> m. (ljàdrag)	
<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; førstereisgut)		<i>skårung</i> el. <i>skårunge</i> m. (måkeunge; førstereisgut)	
<i>slegel</i> el. <i>sliul</i> m. (tust)		<i>slegel</i> el. <i>sliul</i> m. (tust)	
<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)		<i>sleid</i> el. <i>sleide</i> m. (maskindel)	
<i>slett</i> el. <i>slette</i> f.	<i>slett</i>	<i>slette</i> f.	
<i>sli</i> el. <i>sly</i> n. (slim)		<i>sli</i> el. <i>sly</i> n. (slim)	
<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)		<i>slir</i> el. <i>slire</i> f. (kniv og s.)	
<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)		<i>slisk</i> el. <i>sliske</i> m. (planke)	
<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)		<i>sliss</i> el. <i>slisse</i> m. (spalte)	
<i>slunta</i> el. <i>sluntra</i> v.	<i>sluntra</i>	<i>sluntra</i> v.	Ingen treff på <i>sluntra</i> , 22 på <i>sluntra</i> .
<i>slåstkjempe</i> [slåsskjempe] f.	[slåsskjempe]	<i>slåstkjempe</i> f.	
<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)		<i>slodd</i> el. <i>slodde</i> f. el. m. (reiskap)	
<i>smakeleg</i> el. <i>smakleg</i> adj.		<i>smakeleg</i> el. <i>smakleg</i> adj.	
<i>snekke</i> el. <i>snekkje</i> f. (båt)		<i>snekke</i> el. <i>snekkje</i> f. (båt)	
<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)		<i>snerk</i> el. <i>snerke</i> m. (hinne)	
<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)		<i>snitt</i> el. <i>snitte</i> m. (smørbrød)	
<i>sno</i> el. <i>snoa</i> v.		<i>sno</i> el. <i>snoa</i> v.	
<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.		<i>snurrebass</i> el. <i>snurrebasse</i> m.	
<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.		<i>snut</i> el. <i>snute</i> m.	
<i>snylta</i> el. <i>snyltra</i> v.	<i>snyltra</i>	<i>snylta</i> v.	35 dømme på <i>snylta</i> , ingen på <i>snyltra</i> .
<i>snytt</i> el. <i>snyta</i> adv. (s. full)		<i>snytt</i> el. <i>snyta</i> adv. (s. full)	
<i>snø</i> el. <i>snøa</i> v.		<i>snø</i> el. <i>snøa</i> v.	

<i>sponsar</i> el. <i>sponsor</i> m.	<i>sponsar</i>	<i>sponsor</i> m.	Ingen dømme på <i>sponsar</i> , 300 dømme på <i>sponsor</i> . Bm. har berre <i>sponsor</i> .
<i>sprel</i> el. <i>sprell</i> n.	<i>sprel</i>	<i>sprell</i> n.	Eitt dømme på <i>sprel</i> , 3 dømme på <i>sprelemann</i> , ca. 70 dømme på <i>sprell</i> .
<i>sprela</i> el. <i>sprella</i> v.	<i>sprela</i>	<i>sprella</i> v.	30 dømme på <i>sprella</i> , ingen på <i>sprela</i> .
<i>spryd</i> el. <i>spryt</i> f. (baugspryd)	<i>spryt</i>	<i>spryd</i> f.	Ingen dømme.
<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.		<i>spyttebakk</i> el. <i>spyttebakke</i> m.	
<i>spøkeri</i> el. <i>spøkri</i> n.		<i>spøkeri</i> el. <i>spøkri</i> n.	Bm. <i>spøkeri</i> .
<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)		<i>stallar</i> el. <i>stallare</i> m. (hovmeister i norrøn tid)	
<i>stapp</i> el. <i>stappa</i> adv. (s. mett)		<i>stapp</i> el. <i>stappa</i> adv. (s. mett)	
<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)		<i>star</i> el. <i>stare</i> m. (fugl)	
<i>stebarn</i> el. <i>stykbarn</i> n.		<i>stebarn</i> el. <i>stykbarn</i> n.	<i>Ste</i> kjem av lågtysk <i>stef</i> ; <i>styk-</i> av norr. <i>stjuk-</i> , <i>styk-</i> .) Disse prefiksa er ulike oppslag i NOB.
<i>steins</i> el. <i>steinsens</i> adv.		<i>steins</i> el. <i>steinsens</i> adv.	
<i>stiftelse</i> m. el. <i>stifting</i> f.		<i>stiftelse</i> m. el. <i>stifting</i> f.	
<i>still</i> el. <i>stille</i> adj.		<i>still</i> el. <i>stille</i> adj.	
<i>strid</i> [<i>stri</i>] adj.	[<i>stri</i>]	<i>strid</i> adj.	Ca. 200 treff på <i>strid</i> , det same på <i>stri</i> .
<i>stua</i> el. <i>stuva</i> v.		<i>stua</i> el. <i>stuva</i> v.	
<i>stygge</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)		<i>stygge</i> el. <i>stygge</i> m. (mothug)	
<i>styggeleg</i> el. <i>styggeleg</i> adv.		<i>styggeleg</i> el. <i>styggeleg</i> adv.	
<i>stylte</i> el. <i>styltre</i> f.		<i>stylte</i> el. <i>styltre</i> f.	
<i>styrkebelte</i> el. <i>styrkjebelte</i> n.		<i>styrkebelte</i> el. <i>styrkjebelte</i> n.	
<i>sul</i> el. <i>suvl</i> n. (kjøtmat)		<i>sul</i> el. <i>suvl</i> n. (kjøtmat)	
<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)		<i>sve</i> el. <i>svede</i> f. (avsvidd mark)	
<i>sveia</i> el. <i>sveiga</i> v. (bøya)		<i>sveia</i> el. <i>sveiga</i> v. (bøya)	
<i>svevn</i> el. <i>søvn</i> m.		<i>svevn</i> el. <i>søvn</i> m.	
<i>svimla</i> el. <i>svimra</i> v.		<i>svimla</i> el. <i>svimra</i> v.	
<i>svor</i> el. <i>svord</i> m.		<i>svor</i> el. <i>svord</i> m.	
<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.		<i>sykn</i> el. <i>sykne</i> f.	
<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)		<i>tagg</i> el. <i>tagge</i> m. (sinna-)	
<i>tagg</i> el. <i>takk</i> m. (hjørte-)		<i>tagg</i> el. <i>takk</i> m. (hjørte-)	
<i>tallerk</i> el. <i>tallerken</i> m.		<i>tallerk</i> el. <i>tallerken</i> m.	
<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m. (mellomfot på		<i>tars</i> el. <i>tarse</i> m.	

fugl)		(mellomfot på fugl)	
tass el. tasse m.		tass el. tasse m.	
teie el. tægje f. (fletta korg)		teie el. tægje f. (fletta korg)	
teiebær el. tågebær n.		teiebær el. tågebær n.	
teist el. teiste m. (fugl)		teist el. teiste m. (fugl)	
tenest el. teneste f.	tenest	teneste f.	
testament el. testamente n.		testament el. testamente n.	
tilhengar el. tilhengjar m.		tilhengar el. tilhengjar m.	
tipp el. tips n.	tipp	tips n.	
tiriltunge el. tiritunge f.	tiritunge	tiriltunge f.	
tistet el. tistete el. tistut; el. tistet el. tistete el. tistut; el. tistret el. tistrete el. tistrut		tistet el. tistete el. tistut; el. tistet el. tistete el. tistut; el. tistret el. tistrete el. tistrut	
tit el. tite f. (fugl)		tit el. tite f. (fugl)	
tjære el. tjøre f.		tjære el. tjøre f.	
toddi el. toddy m.		toddi el. toddy m.	
tommelfinger el. tumarsfinger m.	tumarsfinger	tommelfinger m.	
tomreipa el. tomreipes adj.		tomreipa el. tomreipes adj.	
tora el. torna v.		tora el. torna v.	
trakta el. trekta v.		trakta el. trekta v.	
trevl el. trevle m.		trevl el. trevle m.	
trikk el. triks n.		trikk el. triks n.	
trillebør el. trillebår f.		trillebør el. trillebår el. trillebåre f.	
trøde f. (pedal)	trøde	trøe f. (pedal)	Trøde er eineform i dag, men eg føreslår at me fjernar stum d.
tue el. tuve f.		tue el. tuve f.	
tuft el. tufte m. (tuftekall)		tuft el. tufte m. (tuftekall)	
tuss el. tusse m.		tuss el. tusse m.	
tyre el. tyri m. el. n.		tyre el. tyri m. el. n.	
tørkle el. tørklede n.	tørklede	tørkle n.	
uboteleg el. ubotleg adj.		uboteleg el. ubotleg adj.	
ungdomleg el. ungdommeleg adj.		ungdomleg el. ungdommeleg adj.	
ur el. urd f. (stein-)	urd	ur f. (stein-)	Truleg er uttalen /uɫ/ i område med tjukk l, men skrivemåten urd er likevel sjeldsynt.
usturteleg el. ustyrteleg adj.		usturteleg el. ustyrteleg adj.	
utdana el. utdanna v.		utdana el. utdanna v.	
utekkeleg el. utekkjeleg adj.		utekkeleg el. utekkjeleg	

		adj.	
<i>utfalda</i> el. <i>utfolda</i> v.		<i>utfalda</i> el. <i>utfolda</i> v.	
<i>utkik</i> el. <i>utkikk</i> m. el. n.		<i>utkik</i> el. <i>utkikk</i> m. el. n.	
<i>utstrakt</i> el. <i>utstrekt</i> adj.		<i>utstrakt</i> el. <i>utstrekt</i> adj.	
<i>uttrykkeleg</i> el. <i>uttrykkjeleg</i> adj.		<i>uttrykkeleg</i> el. <i>uttrykkjeleg</i> adj.	
<i>utvekst</i> el. <i>utvokster</i> m.		<i>utvekst</i> el. <i>utvokster</i> m.	
<i>utvertes</i> el. <i>utvortes</i> adj.	<i>utvertes</i>	<i>utvortes</i> adj.	
<i>vals</i> el. <i>valse</i> m.		<i>vals</i> el. <i>valse</i> m.	
<i>van</i> el. <i>vand</i> [<i>vant</i>] adj.		<i>van</i> el. <i>vand</i> [<i>vant</i>] adj.	
<i>varma</i> el. <i>verma</i> v.		<i>varma</i> el. <i>verma</i> v.	<i>To ord?</i>
<i>vassarv</i> el. <i>vassarve</i> m.		<i>vassarv</i> el. <i>vassarve</i> m.	
<i>vidd</i> el. <i>vidde</i> f.		<i>vidd</i> el. <i>vidde</i> f.	
<i>vitskapeleg</i> el. <i>vitskapleg</i> adj.		<i>vitskapeleg</i> el. <i>vitskapleg</i> adj.	
<i>vatersott</i> el. <i>vattersott</i> f.	<i>vattersott</i>	<i>vatersott</i> f.	Bm. har berre <i>vatersott</i> .
<i>vedbend</i> el. <i>vedbende</i> m.		<i>vedbend</i> el. <i>vedbende</i> m.	
<i>vedvendel</i> el. <i>vivendel</i> m.		<i>vedvendel</i> el. <i>vivendel</i> m.	
<i>vegetar</i> el. <i>vegetarianar</i> m.		<i>vegetar</i> el. <i>vegetarianar</i> m.	
<i>veik</i> el. <i>veike</i> m.		<i>veik</i> el. <i>veike</i> m.	<i>Veik</i> er i-stamme; <i>veike</i> har vanleg hankjønnsbøying.
<i>veit</i> el. <i>veite</i> f.		<i>veit</i> el. <i>veite</i> f.	
<i>vekst</i> el. <i>vokster</i> m.		<i>vekst</i> el. <i>vokster</i> m.	
<i>vel</i> el. <i>vell</i> n. (-foreining)		<i>vel</i> el. <i>vell</i> n. (-foreining)	
<i>vemjast</i> el. <i>vemmast</i> m.		<i>vemjast</i> el. <i>vemmast</i> m.	
<i>vend</i> el. <i>vende</i> f. (gong)		<i>vend</i> el. <i>vende</i> f. (gong)	Nyansar i tydingar?
<i>vida</i> el. <i>vide</i> adv.		<i>vida</i> el. <i>vide</i> adv.	
<i>vidvank</i> el. <i>vidvanke</i> m.		<i>vidvank</i> el. <i>vidvanke</i> m.	
<i>virke</i> el. <i>vyrke</i> n. (emne, råstoff)		<i>virke</i> el. <i>vyrke</i> n. (emne, råstoff)	
<i>vitskapeleg</i> el. <i>vitskapleg</i> adj.		<i>vitskapeleg</i> el. <i>vitskapleg</i> adj.	
<i>vor</i> el. <i>vorr</i> m.		<i>vor</i> el. <i>vorr</i> m.	
<i>vri</i> el. <i>vrid</i> m.		<i>vri</i> el. <i>vrid</i> m.	
<i>vriar</i> el. <i>vridar</i> m.		<i>vriar</i> el. <i>vridar</i> m.	
<i>ørekyt</i> el. <i>ørekyte</i> f.		<i>ørekyt</i> el. <i>ørekyte</i> f.	
<i>ørsk</i> el. <i>ørskan</i> adj.		<i>ørsk</i> el. <i>ørskan</i> adj.	
<i>åkle</i> el. <i>åklede</i> n.	<i>åklede</i>	<i>åkle</i> n.	
<i>år</i> el. <i>åre</i> f. (blod-; skips-)		<i>år</i> el. <i>åre</i> f. (blod-; skips-)	
<i>åttring</i> el. <i>åttæring</i> m.		<i>åttring</i> el. <i>åttæring</i> m.	
<i>åverke</i> el. <i>åvirke</i> n.		<i>åverke</i> el. <i>åvirke</i> n.	
<i>åverka</i> el. <i>åvirka</i> v.		<i>åverka</i> el. <i>åvirka</i> v.	

Valfrie former av suffiks brukte til å laga adjektiv eller adverb:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
- <i>ande</i> el. - <i>ende</i>	- <i>ende</i>	- <i>ande</i>	Brukt til å laga adverb-avleiing til subst., adj. T.d. <i>eitrande</i> el. <i>eitrende sinna</i> .
- <i>beina</i> el. - <i>beint</i>	- <i>beina</i>	- <i>beint</i>	T.d. <i>likebeina/likebeint</i> . Dnt: 0 treff på - <i>beina</i> , 200 på - <i>beint</i> .
- <i>egga</i> el. <i>eggja</i>	<i>eggja</i>	- <i>egga</i>	T.d. <i>tviugga/tviuggja</i> . 10 treff på - <i>eggja</i> , 2 på - <i>egga</i> . - <i>egg(j)a</i> er avleidd av - <i>egg</i> .
- <i>et</i> el. - <i>ete</i> el. - <i>ut</i>	- <i>et</i>	- <i>ete</i> el. - <i>ut</i>	T.d. <i>fillet/fillut/fillete</i>
- <i>ig</i> el. - <i>ug</i>		- <i>ig</i> el. - <i>ug</i>	T.d. <i>aldrig/aldrug</i>
- <i>høgda</i> el. - <i>høgdes</i>	- <i>høgdes</i>	- <i>høgda</i>	T.d. <i>trehøgda/trehøgdes</i>
- <i>leg</i> [- <i>lig</i>]	[- <i>lig</i>]	- <i>leg</i>	
- <i>lenges</i> el. - <i>lengs</i>	- <i>lenges</i>	- <i>lengs</i>	T.d. <i>baklenges/baklengs</i>
- <i>lyndt</i> el. - <i>lynt</i>		- <i>lyndt</i> el. - <i>lynt</i>	T.d. <i>frilyndt/frilynt</i> . 140 treff på <i>frilyndt</i> , 60 på <i>frilynt</i> .
- <i>rygga</i> el. - <i>ryggja</i>	<i>ryggja</i>	- <i>rygga</i>	T.d. <i>krokrygga/krokryggja</i> . 30 treff på - <i>rygga</i> , 3 på - <i>rygga</i> . - <i>rygg(j)a</i> er avleidd av <i>rygg</i> .
- <i>skjeggja</i> [- <i>skjeggja</i>]	<i>skjeggja</i>	- <i>skjeggja</i>	T.d. <i>langskjeggja/langskjeggja</i> . Ingen treff på nokon. - <i>skjegg(j)a</i> er avleidd av <i>skjegg</i> .
- <i>søles</i> el. - <i>sølt</i>		- <i>søles</i> el. - <i>sølt</i>	T.d. <i>baksøles/baksølt</i>
- <i>veges</i> el. - <i>vegs</i>		- <i>veges</i> el. - <i>vegs</i>	T.d. <i>omveges/omvegs</i>
- <i>vend</i> [- <i>vendt</i>]		- <i>vend</i> [- <i>vendt</i>]	T.d. <i>bakvend/bakvendt</i> . Forma er avhengig av kva som skjer med verbet <i>venda</i> .
- <i>vertes</i> el. - <i>vortes</i>	- <i>vertes</i>	- <i>vortes</i>	T.d. <i>innvertes/innvortes</i> . 30 døme på - <i>vortes</i> , 3 døme på - <i>vertes</i> .
- <i>vinn</i> el. - <i>vint</i>		- <i>vinn</i> el. - <i>vint</i>	T.d. <i>tungvinn/tungvint</i>
- <i>viljug</i> el. - <i>villig</i>		- <i>viljug</i> el. - <i>villig</i>	T.d. <i>friviljug/frivillig</i> . Mange treff på både <i>viljug</i> og <i>villig</i> .
- <i>værig</i> el. - <i>værug</i>		- <i>værig</i> el. - <i>værug</i>	T.d. <i>gladværig/gladværug</i> . Svært få treff på baa.
- <i>øyra</i> [ø <i>ra</i>] el. - <i>øyrd</i> [ø <i>rt</i>]	[ø <i>ra</i>] el. [ø <i>rt</i>]	- <i>øyra</i> el. - <i>øyrd</i>	T.d. <i>langøyra/langøra/langøyrd/langørt</i> .

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa (ev. har lese tidlegare):

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 48–53

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Håvard Hjulstad: Nynorsk baklengsordliste. Utrykt manus 3.10.1980

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Aasen, Ivar: *Norsk Grammatik*. Etter fyrsteutgåva frå 1864. Universitetsforlaget 1965

I referatet frå sist møte, sak 5 Normering – Lydverket, står det: "Nemnda ønskjer sakspapir på *ønskja* v. / *ønske* n., *følgja* v. / *følgje* n. osv."

I sist møte gjorde me dette førebelse vedtaket:

- Det skal vera valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida, i former som i dag har *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som sideform. Døme: *bygga/byggja*, *tenka/tenkja*.

Med det vedtaket har me ikkje teke stilling til dei orda som i dag har obligatorisk *j* etter *g* eller *k*. Det gjeld frekvente ord som *å ønskja* / *å ønskje* (men *eit ønske*). Vidare er *j* obligatorisk i *å følgja* / *å fylgja* og *eit følgje* / *eit fylgje*, men i dei fleste andre samanhengar kan den palatale uttalen skrivast med eller utan *j*.

Palatallyden har vorte skriven i større grad før enn no, jf. *Nynorskutgreiinga* s. 49. Men det har alltid vore ei vanskeleg sak, fordi det har vore uråd å få til ein grei regel utan unntak.

Aasen gjer greie for uttalen av *k* og *g* i innleiinga til grammatikken sin:

Der er nemlig nogle Vokaler, som have den Virkning paa et foregaaende K eller G, at dette altid faar den ovenfor nævnte Lyd av Kj eller Gj; [...] Æ, E, I, Ei, Ø, Y, Øy. [...] I en Endestavelse med 'e' er derimod Udtalen noget forskjellig; imidlertid have dog de bedste Bygdemaal ogsaa her for en stor Deel 'kj' og 'gj', f. Ex. Rike (udt. Rikje), Merke (Mærkje), Lykel (Lykjil), Læge (el. Lægje), Tygel (Tygjil). Med Hensyn til Skrivemaaden kunde dette 'j' kaldes et uvæsentligt j i Modsætning til det [...] væsentlige j forved a og o, som nemlig ikke kan udelades i Skrivningen. (Aasen s. 27)

Aasen hadde noko skiftande praksis, men uttrykte stundom den palatale uttalen skriftleg både i adjektiv på *-en* (*brikjen*) og i fleirtal av hankjønnsord (*sekkjer*, *veggjer*).

I dag er det tradisjon for å skriva *j* etter *g* og *k* framfor endestaving berre i verb og svake hokjønnsord. Som det står i *Nynorskrettskrivinga*, er *j* obligatorisk i *-lgj-*, *-rgj-* og vokal + *gj*. Men det stemmer ikkje heilt; verbet *å belgja* / *å belga* (dra smiebelgen; drikkja fort og mykje) har valfritt *j* eller ikkje.

Det står vidare at *j* er obligatorisk også i verb med *-skj-* framfor endestavinga, men det gjeld nok berre verbet *ønskja*. Baklengsordlista inneheld to andre verb som har valfri *j* etter *-skj-*: *ryskja*, *treskja*.

	Verb , valfritt j	Verb, obl. j	Subst. f., valfritt j	Subst. f., obl. j	Subst. n., valfritt j	Subst. n., obl. j	Subst. n., obl. utan j
ggj	byggja [byggja]		hyggje				skygge
ngj	dengja [denga]		flengje				fange
vokal + gj		lægja		tægje		lægje	
lgj		følgja		følgje		følgje	
rgj		sørgja		dørgje			
kkj	dekkja [dekka]		rekkje	bikkje			stykke
nkj	blenkja [blenka]		enkje				
vokal + kj	søkja		sløkje				rike
lkj	fylkja						fylke
rkj	merkja			kyrkje			merke
skj	treskja	ønskja		øskje			ønske

Denne oversikta viser at "regelen" ovanfor stemmer. Sjølv om me endrar på regelen, er det truleg viktig å halda fast ved at skrivemåten med j framfor endingsstaving berre skal gjelda *verb og svake hokjønnsord* (og verb og hokjønnsord av typen *lægja/lægje/tægje*).

Det er rett nok eit ønske frå somme at ein skal kunna skriva *eit ønskje*, men det får ganske store følgjer. Då må me nemleg rekna med å ta inn j i andre inkjekjønnsord som endar på *-ke* eller *-ge* i dag.

Skal me greia å laga ein regel som er enkel å hugsa og praktisera, har me tre val:

Alle verb og svake hokjønnsord som har palatal uttale framfor endingsvokal,

- skal ha formene med *j* som eineformer. (Framlegg frå mindretalet i 2003.)
- skal skrivast utan *j*, fordi formene med *j* representerer ein vanske for dei som ikkje har dei i talemålet sitt. (Likevel må det bli nokre unntak, jf. *lægja, tægje, lægje, bikkje, kyrkje, øskje* t.d. Likeins adverbet *ikkje*.)
- skal ha valfridom mellom formene med og utan *j* (med dei same unntaka som under b). (Framlegg frå fleirtalet i 2003.)

Nemnda gjorde i sist møte eit vedtak som samsvarar med alternativ c, men ville vurdere å innføra *j* i nøytrumsord som *eit ønske*. Mi tilråding er at me ikkje går inn for å ta inn *j* i inkjekjønnsord på *-ke* eller *-ge*. Derimot vil eg rå til at orda med *-lgj-* og verbet *ønskja* får ei valfri form utan *j*.

Framlegg til førebels vedtak:

Alle verb og svake hokjønnsord som i dag har *gj* eller *kj* som hovudform, og former utan *j* som sideform framfor endingsstavinga, skal ha valfridom mellom skrivemåtane *gj* og *kj* på den eine sida og *g* og *k* på den andre sida. Det blir dessutan tillate å skriva desse orda med eller utan *j*:

å bølga / å bølga
ei bølge / ei bølge
å elgja / å elga (bli kvalm; gjere kvalm)
å fylgja / å fylga el. å følgja / å følga
ei fylgje / ei fylge el. ei følgje / ei følge
eit fylgje / eit fylge el. eit følgje / eit følge
å svelgja / å svelga
å sørgja / å sørga
å telgja / å telga
å ynskja / å ynska el. å ønskja / å ønska

I referatet frå sist møte, sak 5 Normering – Lydverket, står det: "Nemnda ønskjer ei sak om alle ord med *fore-/føre-*, ev. som har *føre-* i dag, men *fore-* i tale."

Nedanfor har eg rekna opp dei orda som kan ha føreleddet *fore-* i nynorsk i dag. Vidare har eg gått gjennom dei orda som har *føre-* i nynorsk no, og ført opp dei som ofte blir uttala *fore-*.

For oversynet sin del har eg òg teke med ord med *for-/føre-*. Mange av dei hadde berre *føre-* i eldre nynorsk.

Ord med *fore-/føre-*

foredrag el. *føredrag* n.
forelesa el. *førelesa* v.
forelesing el. *førelesing* f.
foreslå el. *føreslå* v.

Ord med *føre-* i skrift, *fore-/føre-* i tale

førebyggja /*forebyggja*/ v.
føregangskvinne /*foregangskvinne*/ f.
føregripa /*foregripa*/ v.
føregå /*foregå*/ v.
føregåande /*foregåande*/ adj.
førekom(m)a /*forekom(m)a*/ v.
førekomst /*forekomst*/ m.
førelegg /*forelegg*/ n.
(*førebels*) /*foreløpig*/ f.
føresett /*foresett*/ adj.
føreskriva /*foreskriva*/ v.
førespegla /*forespegla*/ v.
førestella /*forestilla*/ v.
førestelling /*forestilling*/ f.
føretak /*foretak*/ n.
føreta(ka) /*foreta*/ v.
føretrekkja /*foretrekka*/ v.

Ord med *for-/føre-*:

forarbeid el. *førearbeid* n.
førebilete [*forbilde*] n.
forbokstav el. *førebokstav* m.
forgard el. *føregard* m.
forheng el. *føreheng* n.
forlaupar el. *førelaupar* m. el. -*løpar*
forled el. *føreled* m.
forledd el. *føreledd* n.
formiddag el. *føremiddag* m.
formål el. *føremål* n.
fornamn el. *førenamn* n.
forord el. *føreord* n.
forprosjekt el. *føreprosjekt* n.
forprøve el. *føreprøve* f. el. m.
forrang el. *førerang* m.
forrett el. *førerett* m. (særrett)
forrett el. *førerett* m. (matrett)
forrom el. *førerom* n.
forslag el. *føreslag* n. (i musikk)
forsmak el. *føresmak* m.
forsommar el. *føresommar* m. [*forsumar* el. *føresumar*]
forsongar el. *føresongar* m.
forspel el. *førespel* n.
forspent el. *førespent* adj. (vere godt f. med)
forstaving el. *førestaving* f.
fortropp el. *føretropp* m.
forvarsel el. *førevarsel* n.
forvask el. *førevask* m. el. n.
forvern el. *førevern* n.

Det er altså berre fire ord som har *fore-* i nynorske ordlister i dag. Føreleddet *fore-* kjem frå tysk og/eller lågtysk, og tidlegare normerar har vore restriktive med å ta det inn i nynorsk. *Foredrag* står i ordlista frå 1958, mens *foreles(n)ing/føreles(n)ing* var kome med i den nye ordlista som bygde på rettskrivingsreforma frå 1959. I 1962 var også verbet *forelesa/førelesa* kome med, likeins *foreslå*. Frå 1980 kunne ein skriva *foreslå/føreslå*.

Føregå kom inn i nynorske ordlister frå 2000. Ved ein feil kom det fyrst inn slik i Helleviks ordliste: *foregå* el. *føregå*, men Språkrådet hadde godkjent berre forma *føregå*.

Både *føregå* og *føreslå* er ord som er vanlege i talemålet. Det synest ulogisk at dei ikkje skal ha ei parallell oppføring. Det talar for at me godtek *foregå/føregå* parallelt med *foreslå/føreslå*.

På den andre sida er det interessant å sjå at *føre-* synest å ha vore ekspansivt. *Foredrag* og *foreslå* vart tekne inn i nynorsk som reine lån, men seinare har formene *føredrag* og *føreslå* kome til, heilt sikkert på grunn av påverknad frå talemålet. Det kan få ein til å spørja seg om forma *føreslå* burde bli eineform, som *føregå* er i dag.

Sjølv har eg ikkje store motførestellingar mot føreleddet *fore-*, men det er truleg noko på sida av mandatet vårt å føreslå at me no skal ta inn *fore-* som føreledd ved sida av *føre-* i mange fleire ord. Saka kom opp fordi eg føreslo at *føregå* og *føreslå* bør gå parallelt. Eg synest framleis at dei bør gjera det, fordi det er vanskeleg å hugsa om det var *føregå* eller *føreslå* som òg kunne ha *fore-*. Men ut over det er det kanskje ikkje så store behov for endringar når det gjeld *fore-/føre-*.

Framlegg til førebels vedtak:

Desse to formene blir jamstelte: *foregå/føregå*.

-STELLA EL. -STILLA

I referatet frå sist møte, sak 5 Normering – Lydverket, står det: "Nemnda ønskjer ei sak om *-stella/-stilla*."

Dei aller fleste verb som endar på *-stella*, har i dag ei valfri form *-stilla*. Likeins kan verbalsubstantivet heita *-stelling* eller *-stilling*.

framstella el. *framstilla*
jamstella el. *jamstilla*
omstella el. *omstilla*
likestella el. *likestilla*
stella el. *stilla*
tilfredsstella el. *tilfredsstilla*

framstelling el. *framstilling*
jamstelling el. *jamstilling*
omstelling el. *omstilling*
likestelling el. *likestilling*
stelling el. *stilling*
tilfredsstelling el. *tilfredsstilling*
utstelling el. *utstilling*

Verbet *førestella* og substantivet *førestelling* (idé, tanke) er i ei særstilling. Dei har berre forma *-stella*, *-stelling*. Eg kjenner ikkje til grunnen, men verba *stella* og *stilla* er vel ikkje heilt overlappende i tyding. Det heiter til dømes berre *omstilla/omstilling* og *forstilling*. Men nyansen mellom *stella* og *stilla* er det nok mange som ikkje oppfattar, og "førestilla" og "førestilling" er ein vanleg feil i nynorsk.

Det kan òg vera gode grunnar til å vurdera om *førestelling* (ev. *førestelling/førestilling*) skal få utvida tydinga si til å omfatta det som i dag heiter framsyning på nynorsk. Men det er kanskje litt på sida av mandatet til nemnda.

Framlegg til førebels vedtak:

Desse to formene blir jamstelte: *førestella* el. *førestilla* v.; *førestelling/førestilling* f.

VEKEDAGANE

I referatet frå sist møte, sak 5 Normering – Lydverket, står det: "Nemnda ønskjer ei sak om *mandag* som alternativ til *måndag*, *tysdag*/*tirsdag* og *laurdag*/*lørdag*."

I dag er det berre kviledagen som har to variantar: *sundag* el. *søndag*. Nemnda reiste spørsmålet om det ikkje òg burde vera lov å skriva *mandag*, *tirsdag* og *lørdag* ved sida av *måndag*, *tysdag* og *laurdag*.

Opphavet til dei aktuelle namna:

Namn i dag	Opphav og tyding	Merknad
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i>	Norr. <i>sunnudagr</i> , etter latin <i>dies solis</i> 'soldag'	Dnt har svært mange døme på både <i>sundag</i> og <i>søndag</i> .
<i>måndag</i>	Norr. <i>mánadagr</i> , eigl. 'månedag' etter latin <i>dies lunae</i>	<i>Måndag</i> er klart mest brukt, men det er òg ca. 100 døme på <i>mandag</i> . DT, Hallingdølen og Firda har ein god del <i>mandag</i> , men nokre treff kan vera frå bokmålstekstar.
<i>tysdag</i>	Norr. <i>týsdagr</i> , eigl. 'dag for guden Ty', etter latin <i>dies Martis</i> 'dag for guden Mars'	Dnt har ca. 70 døme på <i>tirsdag</i> , mykje frå Firda. <i>Tysdag</i> er i svært klar overvekt.
<i>onsdag</i>	Norr. <i>oðinsdagr</i> 'Odins dag' etter lat. <i>dies Mercurii</i> 'Merkurs dag'	
<i>torsdag</i>	Norr. <i>þórsdagr</i> , eigl. 'guden Tors dag' etter lat. <i>dies Jovis</i> 'Jupiters dag'	
<i>fredag</i>	Norr. <i>frjádagr</i> , smh. med gudinnene Frigg el. Frøya, frå gammalengelsk eller gammalhøgtysk etter lat. <i>dies Veneris</i> 'Venus-dagen'	
<i>laurdag</i>	Norr. <i>laugardagr</i> , eigl. 'vaskedag'; av <i>laug</i> ; namnet kanskje pga. kyrkjelege reinsingsskikkar	Når me ser bort frå tv-programmet, er det ikkje så mange treff på <i>lørdag</i> , men på <i>laurdag</i> er det svært mange.

Det er nok ein del feilskrivning når det gjeld namna på vekedagane *måndag*, *tysdag* og *laurdag*, særleg blant folk som ikkje skriv nynorsk til vanleg. På den andre sida er dei nynorske namna godt innarbeidde i område der nynorsken står sterkt. Dei nynorske namna samsvarar dessutan best med det norrøne namnet, og viser det etymologiske opphavet.

Mange av dei som skriv e-post til nemnda eller skriv på bloggen vår, er opptekne av den nynorske dåmen i språket. Det blir brukt som argument for å ta ut ord med klart dialektoppav, men som òg fell saman med bokmål (t.d. *bare*, *mye*). Då bør me kanskje passa oss for å ta inn nye ord som òg fell saman med bokmål, der me alt har godt innarbeidde nynorske ord. Dette er tre sentrale enkeltord som det er lett å læra seg. Eg vil rå til at me ikkje endrar skrivemåten av vekedagane.

Framlegg til førebels vedtak:

Vekedagane skal framleis ha dei same namna som før.

6 NORMERING – FORMVERKET

I førre møte gjorde med ein del vedtak som gjeld substantivbøying. Saka om -ing/-ning og eit par andre spørsmål utsette me, med tanke på å få utgreidd dei nærare. Me sette oss som mål å bli ferdige med spørsmål som gjeld substantiv, i dette møtet.

MEIR OM SUBSTANTIV

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 232–237 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 54–70, 210–213 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Hjulstad, Håvard: *Nynorsk baklengsordliste*. Utrykt manus 3.10.1980

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

Nemnda gjorde førebels vedtak om store delar av substantivbøyinga i møtet 8.–9. juni. Desse sakspapira tek opp dei spørsmåla som står att, bortsett frå ei sak om -ing/-ning. Nemnda bad om nærare utgreiing om emnet i sist møte. Men eg har ikkje nådd å laga utgreiinga til dette møtet.

Denne saka inneheld fem punkt:

- A. Kjønn i nokre få ord, m.a. *dialekt*, med bakgrunn i ei sak som eg la fram for nemnda sist
- B. Inkkjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er*
- C. Framandord (importord) på *-um*, *-on*, *-us* og *-a*
- D. Eit utval av substantiv som har to nesten identiske former av oppslagsordet, men med ulikt kjønn.
- E. Hankjønns- og hokjønnsord på *-sel/-sle*

A. KJØNN PÅ DIALEKT OG ANDRE ORD

I referatet frå sist møte: "Framlegget er at *dialekt* òg kan bøyast som hokjønnsord. Det får følgjer for fleire ord; nemnda ønskjer ei sak på det."

Som eg skreiv under sak 6, undersak "Valfritt genus" til sist møte, meiner eg det er lurt å behalda ein viss valfridom i kjønn på ord. For språkbrukarar flest er det eit heft å slå opp i ordbøker eller ordsamlingar på nettet. Dersom me strammar inn til berre eitt kjønn på mange ord, vil folk i større grad kjenna seg utrygge på kva som er rett. Dersom nemnda ikkje er samd i denne vurderinga, skal eg sjølvstøtt utarbeida eit samla oversyn over valfridom i substantivbøying.

Som det vart peika på i møtet, får det konsekvensar for andre ord om ein endrar genus på *dialekt*. Nemnda bad derfor om eit oversyn over kva ord det gjeld. I baklengsordlista og i Nynorskorpuset finn eg desse orda på *-lekt*:

dialekt

geolekt (språkvariant knytt til geografisk område)

idiolekt (personleg språkvariant)

kronolekt (idiomatiske språkdetaljar som høver for ei spesiell tid)

regiolekt (språkvariant knytt til region)

sosiolekt (språkvariant som folk i same sosiale gruppe talar)

teknolekt (fagspråkvariant)

I *Nynorskordboka* står berre *dialekt*, *idiolekt* og *sosiolekt*. Det står om dei to siste at dei er laga av sisteleddet i *dialekt*. Sjølv om *dialekt* er eit hokjønnsord i mange dialektar, er det nok skriftmålsforma som er brukt ved nyskapingar som dei eg har samla ovanfor. Det er såleis ikkje naturleg å innføra valfritt hankjønn og hokjønn ved dei nyskapte orda på *-olekt*. For systematikken sin del er det derfor best at *dialekt* blir bøygd berre som hankjønnsord også i framtida.

B. INKJEKJØNNSORD PÅ TRYKKLETT -EL, -EN OG -ER

I 2000 la den dåverande rettskrivingsnemnda fram dette framlegget om bøyging av inkjekjønnsord på *-el*, *-en* og *-er*. Her følgjer ei oversikt over framlegget frå den gongen:

Dagens rettskriving:	Desse formene skulle ut:	Framlegg i 2000:	Merknad:
<i>middel – midlet</i> el. <i>middelet – middel – midla</i> [<i>midli</i>]	<i>midlet</i>	<i>middel – middelet – middel – midla</i> [<i>midli</i>]	Bm. har halde på valfritt <i>midlet/middelet</i> .
<i>teater – teatret</i> el. <i>teateret – teater – teatra</i> [<i>teatri</i>]	<i>teatret</i>	<i>teater – teateret – teater – teatra</i> [<i>teatri</i>]	Bm. har halde på valfritt <i>teatret/teateret</i> .
<i>laken – lakenet – laken – lakena</i> [<i>lakeni</i>]		<i>laken – lakenet – laken – lakena</i> [<i>lakeni</i>]	Bøyging som før. Unntak er <i>våpen</i> , som har <i>våpna</i> i bfl.

Eintal

Regel 1: Inkjekjønnsord på trykklett *-el*, *-en* og *-er* får ikkje samandraging i bestemt form eintal. For ord på *-en* blir det dermed inga endring.

Slik endring frå valfri samandraging til obligatorisk full form som i eksempelet over får dei fleste orda på *-el*, f.eks. *esel*, *hengsel*, *rektangel*, *sommel*, *stempel*, *spetakkel*, *tempel*, *varsel*. Tre ord hadde full form før og får dermed inga endring: *fløyel*, *kvartel*, *svovel*.

Same endring gjeld òg for dei fleste orda på *-er*, f.eks. *mylder*, *mørker*, *senter*, *teater* og orda på *-meter*, f.eks. *barometer*. Nokre av orda hadde full form før og får dermed inga endring. Det gjeld orda på berre *-er* som *døger*, *lager*, *nummer* og *siffer* (unntak: *mørker*), orda på *-dder* og enkeltorda *krøtter*, *paternoster*, *vørter* og *water*.

Fleirtal

Regel 2: Inkjekjønnsord på trykklett *-el* får samandraging i bestemt form fleirtal. Orda på *-en* har full form som før, f.eks. *laken*, bortsett frå *våpen*, som har samandraging som før.

For dei fleste ord på *-el* blir det dermed inga endring, f.eks. *esel*, *hengsel*, *rektangel*, *sommel*, *stempel*, *spetakkel*, *tempel*, *varsel*.

Orda *barsel*, *kjørel*, *kvartel* skal ha dei same formene i bestemt fleirtal som før:

barsel – *barsela* [barseli] el. *barsla* [barsli]

kjørel – *kjørela* [kjøreli] el. *kjørsla* [kjørli]

kvartel – *kvartela* [kvarteli]

Regel 3: Inkjekjønnsord på trykklett *-er* får obligatorisk full form også i bestemt form fleirtal.

Same endring som *teater* får dei fleste orda på *-ter*, f.eks. *filter*, *gitter*, *helikopter*, ord på *-meter*, f.eks. *barometer*, *monster*, *mønster*, *senter*. Nokre ord på berre *-er* og orda på *-der* hadde også valfri samandraging før og får dermed same endring: *døger*, *lager*, *læger*, *siffer*; *hinder*, *under* ofl. Orda på *-dder* hadde full form i fleirtal og får dermed inga endring, det same gjeld orda *korter*, *krøt(t)er*, *water*.

Vurdering

Orda på *-el*, *-en* og *-er* har valda mykje hovudbry fordi det er ulike reglar for dei forskjellige variantane, og fordi det er så mange unntak frå reglane. Oppryddinga som vart føreslått i 2000, verkar fornuftig og oversiktleg, og reglane er lette å læra seg.

Vedtek me dei nye reglane, fører det rett nok til at Det Norske Teatret ikkje lenger skriv namnet sitt etter rettskrivinga. Men me har fleire døme på institusjonar som har eit "historisk" namn, t.d. Nationaltheatret.

Nemnda bør òg merka seg at *teatret* er mykje brukt som samnamn. I Dnt er det nærare 500 treff på *teatret*, og 270 på *teateret*.

Fordelane med å få til enkle reglar for bøyinga av desse orda er likevel så store at eg vil tilrå at nemnda går inn for denne endringa.

Framlegg for rettskrivingsnemnda i 2010:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>middel</i> – <i>midlet</i> el. <i>middelet</i> – <i>middel</i> – <i>midla</i> [midli]	<i>midlet</i> [midli]	<i>middel</i> – <i>middelet</i> – <i>middel</i> – <i>midla</i>	
<i>teater</i> – <i>teatret</i> el. <i>teateret</i> – <i>teater</i> – <i>teatra</i> [teatri]	<i>teatret</i> [teatri]	<i>teater</i> – <i>teateret</i> – <i>teater</i> – <i>teatra</i>	
<i>laken</i> – <i>lakenet</i> – <i>laken</i> – <i>lakena</i> [lakeni]	[lakeni]	<i>laken</i> – <i>lakenet</i> – <i>laken</i> – <i>lakena</i>	Bøying som før. Unntak er <i>våpen</i> , som har <i>våpna</i> i bfl.

Regel 1: Inkjekjønnsord på trykklett *-el, -en* og *-er* får ikkje samandraging i bestemt form eintal. For ord på *-en* blir det dermed inga endring.

Regel 2: Inkjekjønnsord på trykklett *-el* får samandraging i bestemt form fleirtal. Orda på *-en* har full form som før, f.eks. *laken*, bortsett frå *våpen*, som har samandraging som før.

Regel 3: Inkjekjønnsord på trykklett *-er* får obligatorisk full form også i bestemt form fleirtal.

C. FRAMANDORD (IMPORTORD) PÅ -UM, -ON, -US OG -A

Rettskrivingsnemnda som kom med sitt framlegg i 2000, gjekk grundig gjennom alle framandord av gresk og latinsk opphav. Hovudregelen dei føreslo, var at alle framandord på *-on, -um, -us* og *-a* som får hovudregel bøyning i samsvar med hovudmønsteret for norske ord. Nedanfor har eg laga ei oversikt over desse framlegga, som stort sett er identiske med dei eg fremjar no.

I Inkjekjønnsord

I 2000 la den dåverande rettskrivingsnemnda fram desse framlegga om bøyning av inkjekjønnsord på *-on* og *-um, -us* og *-a*:

Inkjekjønnsord på *-on* og *-um* får no berre regelrett bøyning:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona</i> [leksikoni]; el. <i>leksika – leksika/leksikaa</i> [leksikai]	<i>leksika – leksika/leksikaa</i> [leksikai]	<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona</i> [leksikoni]	
<i>depositum – depositum – depositum – deposituma</i> [depositumi]; el. <i>deposita – deposita/depositaa</i> [depositai]	<i>deposita – deposita/depositaa</i> [depositai]	<i>depositum – depositum – depositum – deposituma</i> [depositumi]	
<i>spektrum – spektrumet / spektret – spektrum – spektruma</i> [spektrumi] / <i>spektra(a)</i> [spektrai]	<i>spekret – spektra(a)</i> [spektrai]	<i>spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma</i> [spektrumi]	

Same endring som *leksikon* får også *metronymikon* og *patronymikon*.

Same endring som *depositum* får også *aktivum, annum, diktum* (endra skrivemåte frå *dictum*), *falsum, fluidum, futurum, imperfektum, infimum, kontinuum, kuriosum, maksimum, memorandum, minimum, multiplum, optimum, passivum, pensum, perfektum, postskriptum, preteritum, referendum, residuum, responsum, supinum, ultimum, visum, votum*.

Aktiva og *passiva* i rekneskapssamanheng skal først opp som eigne ord.

Same endring som *spektrum* får også *femininum, interregnum, maskulinum, metrum, minimum, nøytrum, sentrum*.

Unntaksgruppe1:

Inkjekjønnsord på -eum og -ium skal ha same bøyning som før i bestemt form eintal og fleirtal:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea [jubilei]</i>		<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea [jubilei]</i>	Som før. NB: <i>ateneum</i> går regelrett, dvs. b. f. <i>ateneumet</i> . Typen <i>jubilé</i> er ikkje nemnd.
<i>atrium – ariet – atrium – atria [atrii]</i>		<i>atrium – ariet – atrium – atria [atrii]</i>	

Unntaksgruppe2:

Nokre ord på -on og -um får i tillegg til den regelrette fleirtalsbøyinga også klammeform på -a i ubestemt form fleirtal og -aa i bestemt form fleirtal:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>forum – forumet – forum – foruma [forumi]; el. fora – fora(a) [forai]</i>		<i>forum – forumet – forum [fora] – foruma [forumi] [foraa/forai]</i>	[fora] [foraa/forai] føreslått som klammeformer.
<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon – akrostikona [akrostikoni]; el. akrostika – akrostika(a) [akrostikai]</i>		<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon [akrostika] – akrostikona [akrostikoni] [akrostikaa/akrostikai]</i>	[akrostika] [akrostikaa/akrostikai] føreslått som klammeformer.

Same endring som for *forum* gjeld orda *datum, kvantum* og dessutan ord på -*ksikum* og -*tikon/-tikum*, dvs. *akrostikon, antibiotikum, antipyretikum, antiseptikum, ataraksikum, cytostatikum, diuretikum, enklitikum, karakteristikon, karakteristikum, kosmetikum, narkotikum, onomatopoetikon, onomatopoetikum*.

Orda *antibiotikum* og *faktum* skal bøyast som før:

<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma [antibiotikumi]; el. antibiotika – antibiotika/antibotikaa [antibiotikai]</i>
<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma [faktumi]; el. fakta – fakta/faktaa [faktai]</i>

Inkjekjønnsord på -us får regelrett fleirtalsbøying:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>genus – genuset – genus – genusa [genusi]; el. genera – genera(a) [generai]</i>	<i>genera – genera(a) [generai]</i>	<i>genus – genuset – genus–genusa [genusi]</i>	<i>Genus kan òg vera hankjønnsord: genus – genusen – genus – genusa/genusane</i>
<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa [tempusi]; el. tempora – tempora(a) [temperai]</i>	<i>tempora – tempora(a) [temperai]</i>	<i>tempus – tempuset – tempus– tempusa [tempusi]</i>	

Inkjekjønnsord på -a får regelrett fleirtalsbøying:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>skjema – skjemaet – skjema – skjema/skjemaa [skjemai]</i>	<i>Bfl. skjema</i>	<i>skjema – skjemaet – skjema– skjemaa [skjemai]</i>	

Same endring som for *skjema* gjeld orda *delta*, *diafragma*, *dilemma*, *drama*, *fatamorgana*, *firma*, *kamera*, *klima*, *komma*, *kopula*, *mantra*, *panorama*, *paradigma*, *promemoria*, *skisma*, *stigma*, *trauma*, *trema*, *zeugma*.

II Hokjønnsord

I 2000 la den dåverande rettskrivingsnemnda fram desse framlegga om bøying av hokjønnsord på -a:

Hokjønnsord på -a får regelrett bøying i bunden form eintal:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>diva – diva el. divaa [divai]– divaer – divaene</i>	<i>B. f. diva</i>	<i>diva – divaa [divai] – divaer – divaene</i>	

Same endring som for *diva* gjeld orda *ballerina*, *belladonna*, *dadda*, *donna*, *eva*, *geisha*, *madonna*, *mamma*, *saga*.

III Hankjønnsord

I 2000 la den dåverande rettskrivingsnemnda fram desse framlegga om bøying av hankjønnsord på -ium og -ius:

Hankjønnsord på -ium får obligatorisk fullform i heile bøyinga:

Dagens rettskriving:	Desse	Desse formene blir	Merknad:
----------------------	-------	--------------------	----------

	formene går ut:	stående i ny rettskriving:	
<i>geranium – geranien/geraniumen – geranier – geraniane</i>	<i>geranien – geranier – geraniane</i>	<i>geranium – geraniumen – geraniumar – geraniumane</i>	

Same endring som for *geranium* gjeld orda *kaprifolium*, *pelargonium*.

Hankjønnsord på -ius får regelrett bøyning:

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
<i>radius – radien/radiusen – radiar – radiane</i>	<i>radien – radiar – radiane</i>	<i>radius – radiusen – radiusar – radiusane</i>	
<i>justitarius – justitarien – justitariar – justitariansane</i>	<i>justitarien – justitariar – justitariansane</i>	<i>justitarius – justitariusen – justitariusar – justitariusane</i>	

Same endring som for *radius* gjeld orda *auksjonarius*, *genius*, *nuntius*.

Vurdering

Det er gjort eit grundig arbeid med å vurdere desse orda i rettskrivingsnemnda frå 2000. Formene som er tekne ut, er heller lite i bruk. Dessutan blir det mykje lettare å bøya desse orda når ein kan seia at dei blir bøygd systemrett.

Samanlikna med 2000 har eg teke ut alle i-former, sidan nemnda i sist møte gjorde vedtak om å avskaffa i-målet.

Framlegg for rettskrivingsnemnda i 2010:

Alle framandord av gresk og latinsk opphav på -on, -um, -us og -a får som hovudregel bøyning i samsvar med hovudmønsteret for norske ord.

Dagens rettskriving:	Desse formene går ut:	Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Merknad:
Inkjekjønn -on og -um:			
<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona [leksikoni]; el. leksika – leksika/leksikaa [leksikai]</i>	<i>leksika – leksika/leksikaa [leksikai] [leksikoni]</i>	<i>leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona</i>	
<i>depositum – depositum –</i>	<i>deposita – deposita/</i>	<i>depositum – depositum –</i>	

<i>depositum – deposituma</i> [<i>depositumi</i>]; el. <i>deposita – deposita/ depositaa</i> [<i>depositai</i>]	<i>depositaa</i> [<i>depositai</i>] [<i>depositumi</i>]	<i>depositum – deposituma</i>	
<i>spektrum – spektrumet / spektret – spektrum – spektruma</i> [<i>spektrumi</i>] / <i>spektra(a)</i> [<i>spektrai</i>]	<i>spektret – spektra(a)</i> [<i>spektrai</i>] [<i>spektrumi</i>]	<i>spektrum – spektrumet – spektrum – spektruma</i>	
Inkjekjønn -um, unntak 1			
<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i> [<i>jubilei</i>]	[<i>jubilei</i>]	<i>jubileum – jubileet – jubileum – jubilea</i>	Typen <i>jubilé</i> er ikkje nemnd.
<i>atrium – atriet – atrium – atria</i> [<i>atrii</i>]	[<i>atrii</i>]	<i>atrium – atriet – atrium – atria</i>	
Inkjekjønn -on eller -um, unntak 2			
<i>forum – forumet – forum – foruma</i> [<i>forumi</i>]; el. <i>fora – fora(a)</i> [<i>forai</i>]	[<i>fora – foraa/forai</i>] [<i>forumi</i>]	<i>forum – forumet – forum – foruma</i>	[<i>fora</i>] [<i>foraa/forai</i>] før føreslått som klammeformer.
<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon – akrostikona</i> [<i>akrostikoni</i>]; el. <i>akrostika – akrostika(a)</i> [<i>akrostikai</i>]	[<i>akrostika – akrostikaa/akrostikai</i>] [<i>akrostikoni</i>]	<i>akrostikon – akrostikonet – akrostikon – akrostikona</i>	[<i>akrostika</i>] [<i>akrostikaa /akrostikai</i>] før føreslått som klammeformer.
<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma</i> [<i>antibiotikumi</i>]; el. <i>antibiotika – antibiotika/antibiotikaa</i> [<i>antibiotikai</i>]	[<i>antibiotikumi</i>] [<i>antibiotikai</i>]	<i>antibiotikum – antibiotikumet – antibiotikum – antibiotikuma</i> ; el. <i>antibiotika – antibiotika/antibiotikaa</i>	Bfl. alternativ 2 berre <i>antibiotikaa</i> ? Jf. andre ord som har fått -aa som eineform.
<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma</i> [<i>faktumi</i>]; el. <i>fakta – fakta/faktaa</i> [<i>faktai</i>]	[<i>faktumi</i>] [<i>faktai</i>]	<i>faktum – faktumet – faktum – faktuma</i> ; el. <i>fakta – fakta/faktaa</i>	Bfl. alternativ 2 berre <i>faktaa</i> ? Jf. andre ord som har fått -aa som eineform.
Inkjekjønn -us			
<i>genus – genuset – genus – genusa</i> [<i>genusi</i>]; el. <i>genera – genera(a)</i> [<i>generai</i>]	<i>genera – genera(a)</i> [<i>generai</i>] [<i>genusi</i>]	<i>genus – genuset – genus – genusa</i>	<i>Genus</i> kan òg vera hankjønnord.
<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa</i> [<i>tempusi</i>]; el. <i>tempora – tempora(a)</i> [<i>temperai</i>]	<i>tempora – tempora(a)</i> [<i>temperai</i>] [<i>tempusi</i>]	<i>tempus – tempuset – tempus – tempusa</i>	
Inkjekjønn -a			
<i>skjema – skjemaet – skjema – skjema/skjemaa</i>	Bfl. <i>skjema</i> [<i>skjemai</i>]	<i>skjema – skjemaet – skjema – skjemaa</i>	

<i>[skjemai]</i>			
Hokjønn -a			
<i>diva – diva el. divaa [divai]– divaer – divaene</i>	<i>B. f. diva [divai]</i>	<i>diva – divaa– divaer – divaene</i>	
Hankjønn -ium og -ius			
<i>geranium – geranien/geraniumen – geraniar – geraniane</i>	<i>geranien – geraniar – geraniane</i>	<i>geranium – geraniumen – geraniumar – geraniumane</i>	
<i>radius – radien/radiusen – radiar – radiane</i>	<i>radien – radiar – radiane</i>	<i>radius – radiusen – radiusar – radiusane</i>	
<i>justitarius – justitarien – justitariar – justitariane</i>	<i>justitarien – justitariar – justitariane</i>	<i>justitarius – justitariusen – justitariusar – justitariusane</i>	

D. ORD MED LIK FORM, MEN ULIKT KJØNN

Ein del substantiv har to nesten identiske former av oppslagsordet, men med ulikt kjønn. Det at formene har ulikt kjønn, gjer det litt vanskelegare å stryka den eine forma ut av rettskrivinga enn om det er berre ein -e som skil dei to orda. Derfor har eg laga ei sak på dei.

I mange tilfelle er begge variantane velkjende og bør bli ståande. I somme tilfelle bør dei truleg førast opp som to forskjellige oppslagsord.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
beger n. el. bekar m.		beger n. el. bekar m.	Er oppførte separat
blekksprut m. el. blekksprute f.	blekksprute f.	blekksprut m.	
bord m. el. borde f. (kant)		bord m. el. borde f. (kant)	
brems m. el. brems f.		brems m. el. brems f.	
dobbe m. el. dobbe f.		dobbe m. el. dobbe f.	
dyll m. el. n. el. dylle f.		dyll m. el. n. el. dylle f.	
engsprett m. el. engsprette f.		engsprett m. el. engsprette f.	
erm f. el. erme n.		erm f. el. erme n.	Erm er o-stamme.
hank f.; el. hank el. hanke m. (handtak)		hank f.; el. hank el. hanke m. (handtak)	
keip m. el. keipe f. (årefeste)		keip m. el. keipe f. (årefeste)	

<i>kjerv</i> m. el. n.; el. <i>kjerne</i> n.		<i>kjerv</i> m. el. n.; el. <i>kjerne</i> n.	
<i>klamme</i> f. el. m.; el. <i>klammer</i> f.		<i>klamme</i> f. el. m.; el. <i>klammer</i> f.	
<i>kleim</i> m. el. <i>kleime</i> f. (klister)		<i>kleim</i> m. el. <i>kleime</i> f. (klister)	
<i>kleppfisk</i> el. <i>klippfisk</i> m.	<i>kleppfisk</i>	<i>klippfisk</i> m.	
<i>kongel</i> m. el. <i>kongle</i> f. el. m.		<i>kongel</i> m. el. <i>kongle</i> f. el. m.	
<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.		<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.	
<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydder</i> n.	
<i>kvann</i> f. el. <i>kvanne</i> f. el. m.		<i>kvann</i> f. el. <i>kvanne</i> f. el. m.	
<i>kvil</i> m. el. <i>kvild</i> f. el. <i>kvile</i> f.		<i>kvil</i> m. el. <i>kvild</i> f. el. <i>kvile</i> f.	
<i>lyr</i> m. el. <i>lyre</i> f. (høg ball)		<i>lyr</i> m. el. <i>lyre</i> f. (høg ball)	
<i>læst</i> el. <i>læss</i> subst.		<i>læst</i> el. <i>læss</i> subst.	
<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.	<i>muskedundre</i> f.	<i>muskedunder</i> m.	
<i>mynd</i> f. el. <i>mynde</i> n.	<i>mynd</i> f.	<i>mynde</i> n.	
<i>red</i> m. el. <i>rei</i> f.		<i>red</i> m. el. <i>rei</i> f.	
<i>ròt</i> n. el. <i>ròte</i> m. (tørr-)		<i>ròt</i> n. el. <i>ròte</i> m.	
<i>skuff</i> m. el. <i>skuffe</i> f.		<i>skuff</i> m. el. <i>skuffe</i> f.	
<i>spett</i> m. el. <i>spette</i> f. (fugl)		<i>spett</i> m. el. <i>spette</i> f.	
<i>sprekk</i> m. el. <i>sprekke</i> f.		<i>sprekk</i> m. el. <i>sprekke</i> f.	
<i>stropp</i> m. el. <i>stroppe</i> f.		<i>stropp</i> m. el. <i>stroppe</i> f.	
<i>tilvære</i> n. el. <i>tilvere</i> f.		<i>tilvære</i> n. el. <i>tilvere</i> f.	
<i>tjern</i> n. el. <i>tjørn</i> f.		<i>tjern</i> n. el. <i>tjørn</i> f.	
<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.	<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m.	Bm. har berre <i>trikin</i> m.
<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.	<i>trug</i> m.	<i>truge</i> f.	
<i>trøf</i> ; el. <i>trø</i> el. <i>trøde</i> n. (kve)		<i>trøf</i> ; el. <i>trø</i> el. <i>trøde</i> n. (kve)	
<i>tvore</i> [turu] f.		<i>tvore</i> el. <i>turu</i> f.	
<i>vagg</i> m. el. <i>vagge</i> f. (tippvogn)		<i>vagg</i> m. el. <i>vagge</i> f. (tippvogn)	
<i>vagl</i> el. <i>vagle</i> m. el. n.		<i>vagl</i> el. <i>vagle</i> m. el. n.	
- <i>vere</i> f. el. - <i>være</i> n. (mellom-)		- <i>vere</i> f. el. - <i>være</i> n. (mellom-)	Jf. <i>samvær</i> , <i>nærvær</i>
<i>verft</i> n. el. <i>verv</i> m. (skips-)		<i>verft</i> n. el. <i>verv</i> m.	Også bm. har <i>verv</i> m. Berre treff hjå Heggland i Dnt.

E. HANKJØNNNS- OG HOKJØNNNSORD PÅ -SEL/-SLE

Dei fleste orda på *-sel* eller *-sle* er hokjønnnsord, og har berre ei form i bunden form og i fleirtal. Men nokre av dei har ei alternativ bøyning. Eg er usikker på om nemnda skal gjera endringar her, men legg fram orda slik at de får ei oversikt over dei.

Hokjønnnsord
<i>blygsel</i> el. <i>blygsle</i> – <i>blygsla</i>
<i>drygsel</i> el. <i>drygsle</i> – <i>drygsla</i>
<i>ferdsel</i> el. <i>ferdsle</i> – <i>ferdsla</i>
<i>hørsel</i> el. <i>høyrsel</i> el. <i>hørsle</i> el. <i>høyrse</i> – <i>hørsla</i> el. <i>høyrsla</i>
<i>kveiksel</i> el. <i>kveiksle</i> – <i>kveiksla</i>
<i>pløgsel</i> el. <i>pløgsle</i> – <i>pløgsla</i>
<i>trengsel</i> el. <i>trengsle</i> – <i>trengsla</i> – <i>trengsler</i> – <i>trengslene</i>
<i>tyngsel</i> el. <i>tyngsle</i> – <i>tyngsla</i> – <i>tyngsler</i> – <i>tyngslene</i>
Hankjønnns- eller hokjønnnsord
<i>førsel</i> – <i>førselen</i> – <i>førslar</i> – <i>førslane</i> ; el. <i>førsle</i> – <i>førsla</i> – <i>førsler</i> – <i>førslene</i>
<i>kjørsele</i> – <i>kjørselen</i> – <i>kjørslar</i> – <i>kjørslane</i> ; el. <i>køyrsele</i> – <i>køyrsele</i> – <i>køyrslar</i> – <i>køyrslane</i> ; <i>kjørsele/kjørsele</i> – <i>kjørsla</i> – <i>kjørslar</i> – <i>kjørslane</i> ; el. <i>køyrsele/køyrsele</i> – <i>køyrsla</i> – <i>køyrslar</i> – <i>køyrslane</i>
<i>lengsel</i> – <i>lengselen</i> – <i>lengslar</i> – <i>lengslane</i> ; el. <i>lengsle</i> – <i>lengsla</i> – <i>lengsler</i> – <i>lengslene</i>
<i>redsel</i> – <i>redselen</i> – <i>redslar</i> – <i>redslane</i> ; el. <i>redsle</i> – <i>redsla</i> – <i>redsler</i> – <i>redslene</i>
<i>vigsle</i> – <i>vigselen</i> – <i>vigsler</i> – <i>vigslene</i> ; el. <i>vigsle</i> – <i>vigsle</i> – <i>vigsler</i> – <i>vigslene</i>
Hokjønnns- eller inkjekjønnnsord
<i>hengsel</i> – <i>hengsla</i> – <i>hengsler</i> – <i>hengslene</i> ; el. <i>hengselet</i> el. <i>hengslet</i> – <i>hengsel</i> – <i>hengsla</i> ; el. <i>hengsle</i> – <i>hengsla</i> – <i>hengsler</i> – <i>hengslene</i> ; el. <i>hengslet</i> – <i>hengsel</i> – <i>hengsla</i>

Vurdering

Nokre av bøyningane her er svært kompliserte, som *kjørsele/køyrsele/kjørsele/køyrsele* og *hengsel/hengsle*. Men det er neppe noka hjelp i å ta bort det eine alternativet når det gjeld kjønn. For ein Rogaland er dei fleste av desse orda hankjønnnsord, – også dei som i dag kan ha berre hokjønnsbøyning. Andre vil seia at dei fleste bør vera hokjønnnsord.

Eg legg fram saka til drøfting utan innstilling.

ADJEKTIV OG ADVERB

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 240–241 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 70–74, 122–126, 143, 213 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Hjulstad, Håvard: *Nynorsk baklengsordliste*. Utrykt manus 3.10.1980

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Når det gjeld adjektiv, har me under lydverk teke stilling til adjektivendinga *-et/-ete/-ut* og *-leg* [*-lig*].

Vidare må desse problemstillingane takast opp til vurdering:

- A. Hokjønn og inkjekjønn av adjektiv på *-en*, inkl. *liten*
- B. Komparativ og superlativ av visse stadadverb
- C. Valfri skrivemåte av ein del adjektiv og adverb

A. ADJEKTIV PÅ *-EN*

Rettskrivingsnemnda frå 2000 føreslo at adjektiv på *-en* skal følgja dette mønsteret:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>open – open [opi] – ope/opi</i> <i>[opent] – opne</i>		<i>open – open [opi] – ope</i> <i>[opi/opent]</i>	Inkjekjønnsforma <i>opi</i> vart altså sideform.

Rettskrivingsnemnda frå 2003 kom med dette framlegget:

Adjektiv på *-en* skal framleis ha valfridom mellom *-en* og *-i* i hokjønn og *-e* og *-ent* i inkjekjønn.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>open – open [opi] – ope/opi</i> <i>[opent] – opne</i>	<i>opi</i>	<i>open – open el. opi – ope</i> <i>el. opent – opne</i>	Hokjønnnsforma <i>[opi]</i> vart altså jamstelt. Inkjekjønnsforma <i>opi</i> vart stroken.

Nemnda frå 2003 føreslo at adjektivet *liten* blir bøygd slik:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>liten – lita [liti] – lite – små(e)</i>		<i>liten – lita el. liti – lite – små(e)</i>	

Vurdering:

Formene med *-i* er sjeldne å sjå i moderne nynorsk.

Derimot er inkjekjønnsforma *-ent* ganske vanleg. I enkelte ord er det òg vanskeleg å bruka den tradisjonelle forma med *-e*, t.d. i *kristen – kriste, gedigen – gedige, ullen – ulle*.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>open – open [opi] – ope/opi [opent] – opne</i>	<i>opi [opi]</i>	<i>open – open – ope el. opent – opne</i>	
<i>liten – lita [liti] – lite – små(e)</i>	<i>[liti]</i>	<i>liten – lita – lite – små(e)</i>	

B. KOMPARATIV OG SUPERLATIV AV VISSE STADADVERB

Både i 2000 og i 2003 var komparativ- og superlativbøyinga av visse stadadverb oppe til vurdering. Noko av grunngivinga for å fjerna enkelte former er at dei er lite brukte. Kortformene samsvarar dessutan med kortformene av tilsvarende adverb som alt er eineformer i skrift, t.d. *nedst* og *øvt*.

Framlegg for rettskrivingsnemnda i 2003 og i 2010:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>att – attare/attre – attarst/attast</i>	<i>[attast]</i>	<i>att – attre – attarst</i>	
<i>bak – bakare/bakre – bakarst/bakast</i>	<i>[bakast]</i>	<i>bak – bakre – bakarst</i>	
<i>bort(e) – bortare/bortre – bortast</i>		<i>bort(e) – bortre – bortast</i>	
<i>hit – hitare/hitre – hitast</i>		<i>hit – hitre – hitast</i>	
<i>inn(e) – indre – innarst/inst</i>	<i>[innarst]</i>	<i>inn(e) – indre – inst</i>	
<i>nord – nordre/nørdre – nørdst</i>	<i>[nørdre]</i>	<i>nord – nordre – nørdst</i>	
<i>sør – syndre/søre – synst</i>		<i>sør – søre – synst</i>	
<i>under – undre – underst/undst</i>	<i>[underst]</i>	<i>under – undre – undst</i>	
<i>ytre – ytst/yttarst</i>	<i>[yttarst]</i>	<i>ytre – ytst</i>	

C. VALFRI SKRIVEMÅTE AV EIN DEL ADJEKTIV OG ADVERB

Alle orda nedanfor har to eller tre alternativ bøyingar. Eg er usikker på om nemnda skal gjera endringar her, men legg fram orda slik at de får ei oversikt over dei. Eg har teke utgangspunkt i oppføringane i Alf Hellevik: *Nynorsk ordliste*, men har kontrollert dei mot *Nynorskordboka*.

Oppslagsord	Merknad
<i>attafor</i> el. <i>attanfor</i> prep.	
<i>attafrå</i> el. <i>attanfrå</i> adv.	
<i>austantil</i> el. <i>austatil</i> prep., adv.	Men: <i>austafrå</i> prep., adv.
<i>bakafor</i> el. <i>bakanfor</i> prep., adv.	
<i>bakafrå</i> el. <i>bakanfrå</i> el. <i>bakanifrå</i> adv.	NOB: berre <i>bakanfrå</i> el. <i>bakanifrå</i>
<i>bergemellom</i> el. <i>bergimellom</i> adv.	
<i>bortafor</i> el. <i>bortanfor</i> prep.	
<i>bortafrå</i> el. <i>bortanfrå</i> prep.	
<i>bygdemellom</i> el. <i>bygdimellom</i> adv.	
<i>derfrå</i> el. <i>derifrå</i> adv.	
<i>framafor</i> el. <i>framanfor</i> prep.	
<i>framafrå</i> el. <i>framanfrå</i> prep.	
<i>framaføre</i> el. <i>framanføre</i> prep.	
<i>framantil</i> el. <i>framatil</i> prep., adv.	
<i>framgjennom</i> el. <i>framigjennom</i> prep.	
<i>frami</i> el. <i>frammi</i> prep.	
<i>fyrstundes</i> el. <i>førstundes</i> adv. (dativ av <i>fyrstunni</i>)	
<i>gardemellom</i> el. <i>gardimellom</i> adv.	
<i>halvveges</i> el. <i>halvvegs</i> adv.	
<i>heimafor</i> el. <i>heimanfor</i> prep.	
<i>heimafrå</i> el. <i>heimanfrå</i> adv.	
<i>heimantil</i> el. <i>heimatil</i> adv.	
<i>herfrå</i> el. <i>herifrå</i> adv.	
<i>hitafor</i> el. <i>hitanfor</i> prep., adv.	
<i>hovudstup</i> el. <i>hovudstupes</i> el. <i>hovudstups</i> adv.	
<i>husemellom</i> el. <i>husimellom</i> adv.	
<i>innafor</i> el. <i>innanfor</i> prep., adv.	
<i>innafrå</i> el. <i>innanfrå</i> prep., adv.	
<i>innaføre</i> el. <i>innanføre</i> prep.	
<i>innantil</i> el. <i>innatil</i> prep.	
<i>landemellom</i> el. <i>landimellom</i> adv.	
<i>langveges</i> el. <i>langvegs</i> adv.	
<i>longe</i> el. <i>longo</i> adv.	
<i>nedafor</i> el. <i>nedanfor</i> prep., adv.	
<i>nedafrå</i> el. <i>nedanfrå</i> prep., adv.	
<i>nedantil</i> el. <i>nedatil</i> prep., adv.	

<i>nordafrå</i> el. <i>nordfrå</i> prep., adv.	
<i>nordantil</i> el. <i>nordatil</i> prep., adv.	
<i>ovafor</i> el. <i>ovanfor</i> prep., adv.	
<i>ovafrå</i> el. <i>ovanfrå</i> el. <i>ovanifrå</i> prep.	
<i>ovanpå</i> el. <i>ovapå</i> prep., adv.	
<i>ovantil</i> el. <i>ovatil</i> prep., adv.	
<i>stundemellom</i> el. <i>stundimellom</i> adv.	
<i>sønnantil</i> el. <i>sønnatil</i> prep., adv.	
<i>sørafrå</i> el. <i>sørfrå</i> prep., adv.	
<i>utaboks</i> el. <i>utanboks</i> adv.	
<i>utafor</i> el. <i>utanfor</i> prep.	
<i>utafrå</i> el. <i>utanfrå</i> prep.	
<i>utalands</i> el. <i>utanlands</i> adv.	
<i>utapå</i> el. <i>utanpå</i> prep.	
<i>utantil</i> el. <i>utatil</i> prep.	
<i>veggemellom</i> el. <i>veggimellom</i> adv.	
<i>vonom</i> el. <i>vonoms</i> adv.	

Vurdering

Det kan synast unødvendig å ha to former av så mange preposisjonar og adverb. På den andre sida er mange av dei frekvente ord, og då må ein gå ut frå at begge variantar har ein del brukarar.

Når det gjeld orda med bindeleddet *-a/-an-*, tok eg eit raskt søk på *nedafor/nedanfor*. Det gav berre 40 treff på *nedafor*, og over 1100 på *nedanfor*. Eg har ikkje hatt høve til å undersøkje utbreiinga av dei ulike variantane systematisk no, men kan gjera det til eit seinare møte dersom nemnda vil vurdera å kutta ned på valfridommen i desse adverba og preposisjonane.

Eg legg fram saka til drøfting utan innstilling.

PRONOMEN OG DETERMINATIV

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 241 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 74–82, 126–132, 213–214 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Hjulstad, Håvard: *Nynorsk baklengsordliste*. Utrykt manus 3.10.1980

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

I 2005 utarbeidde Språkrådet saman med Utdanningsdirektoratet ei oversikt over ny ordklasseinndeling, basert på Faarlund ofl.: *Norsk referansegrammatikk*. Den nye ordklasseinndelinga er no i bruk i skulen, og er innarbeidd i Hellevik: *Nynorsk ordliste*. Eg følgjer den ordklasseinndelinga her. Enkelte ord som i 2000 eller 2003 var kategoriserte som pronomen, står no under determinativ.

PRONOMEN

Objektsforma av *han* og *ho* var oppe til vurdering i 2000. I 2000 var framlegget å endra pronomena slik:

han [*honom*] (objektsform) (før: *han/honom*)

henne [*ho*] (objektsform) (før: *ho/henne*)

I 2003 vart det laga ei grundig vurdering av:

ho/henne (objektsform)

han/honom (objektsform)

me/vi

Framlegget gjekk ut på at desse formene framleis skulle vera jamstelte, men det blir peika på at *honom* har lite grunnlag både i tale og skrift. Eit raskt søk i Dnt gir rett nok 500 treff når eg søkjer i heile materialet, men av skjønnlitteratur er det mest i eldre kjelder (Setrom og Vesaas), og så er det ein del treff i Dag og Tid, men svært lite i andre aviser eller andre sakprosjekter.

Framlegg for rettskrivingsnemnda i 2010, personlege pronomen:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>eg - meg</i>		<i>eg - meg</i>	
<i>du - deg</i>		<i>du - deg</i>	
<i>han - han</i> el. <i>honom</i>	<i>honom</i>	<i>han - han</i>	
<i>ho - ho</i> el. <i>henne</i>		<i>ho - ho</i> el. <i>henne</i>	
<i>det - det</i>		<i>det - det</i>	
<i>me</i> el. <i>vi - oss</i>		<i>me</i> el. <i>vi - oss</i>	

<i>de – dykk</i>		<i>de – dykk</i>	
<i>dei – dei</i>		<i>dei – dei</i>	

DETERMINATIV

I 2000 var framlegget å endra determinativa slik:

annan (før: *annan* [annen])
deira (før: *deira* [deires])
sjølv – sjølve (fleirtal) (før: *sjølv – sjølv(e)*)

2003-utgreiinga har ei god vurdering av fleire determinativ:

hennar [hennes]
deira [deires]
annan [annen]
nokon [noen]
eigen
sjølv

Vurderinga frå 2003 gir eit breitt bilete av stoda for desse orda, og eg går inn for at me stort sett følgjer den tilrådinga som vart gitt då.

Eg vil likevel rå til at fleirtalsforma *sjølv* blir ståande ved sida av *sjølve*. Som det står i 2003-utgreiinga, har fleirtalsforma *sjølv* eit godt grunnlag i talemålet.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>hennar</i> [hennes]	[hennes]	<i>hennar</i>	
<i>deira</i> [deires]	[deires]	<i>deira</i>	
<i>annan</i> [annen], <i>anna</i> [onnor], <i>anna</i> , <i>andre</i>	[annen] [onnor]	<i>annan</i> , <i>anna</i> , <i>anna</i> , <i>andre</i>	
<i>nokon – noka</i> [nokor] – <i>noko</i> – <i>nokon/nokre</i> [noen – noen – noe – noen]	[nokor]	<i>nokon – noka</i> – <i>noko</i> – <i>nokon/nokre</i> el. <i>noen – noen – noe – noen</i>	
<i>eigen – eiga</i> [eigi] – <i>eige</i> – <i>eigne</i>	[eigi]	<i>eigen – eiga</i> – <i>eige</i> – <i>eigne</i>	
<i>sjølv</i> , fl. <i>sjølv</i> el. <i>sjølve</i>		<i>sjølv</i> , fl. <i>sjølv</i> el. <i>sjølve</i>	